Plan- og bygningsloven med forskrifter Kommunale vedtekter Arealplanar Vegloven

Vedlegg nr. B -

Arealdispensasjon

Søt kryss for gjeldande plan

Arealdel av kommuneplan Reguleringsplan Bebyggelsesplan

Namn på plan Arealplan V5.2 Utvidelse. 23.04.2014.

Beskriv nærtare kva nabovarslet gjeld

Hall over resirkuleringsanlegg.

Vedlegg nr. Q -

Spørsmål vedrørende nabovarsel retfæst til

Føretak/tiltakshavar Villa Smolt A/s / Lennart Lillestøl

Kontaktperson, namn LENNART LILLESTØL E-post Lillestola.salmar.no Telefon 700 87462 Mobil 47450142

Søknaden kan sjåast på heimeside: (ikkje obligatorisk)

Merknader til søknad

Eventuelle merknader må vera kome til ansvarleg søkjar/tiltakshavar innan 2 veker etter at dette varselet er sendt. Ansvarleg søkjar/tiltakshavar skal saman med søknaden, senda innkomne merknader og greie ut for eventuelle endringar.

Namn Villa Smolt A/s Postadresse

Postnr. 6076 | Poststad Moltustranda E-post Lillestola@salmar.no

Beskriving av vedlegg	Gruppe	Nr. frå - til	Ikke relevant
Dispensasjonssøknad/vedtak	B		<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan	D	1	<input type="checkbox"/>
Teikningar snitt, fasade	E	2 og 3.	<input type="checkbox"/>
Anna vedlegg	Q		<input type="checkbox"/>

Stad 6076 Moltustranda, Dato 10.03.2014

Underskrift ansvarleg søkjar eller tiltakshavar for Villa Smolt A/s Lennart Lillestøl

Gjentakast med blokkbokstavar LENNART LILLESTØL.



Nabovarsel

sendast naboar og tverrbuarar som vert røtte
plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 § 21-3

Til (nabo/ tverrbuar)

Bård Cijerde
Moltuvegen 441
6076 Moltustranda

Som eigar/festar av:

Gnr. 61 | Bnr. 3 | Fester. | Seksjonsnr.

Eigedomens adresse
6076 Moltustranda.

Tiltak på eigedomen:

Gnr. 60 | Bnr. 349 | Fester. | Seksjonsnr.

Eigedomens adresse

Postnr. 6076 | Poststad Moltustranda

Kommune 1515 - Herøy

Eigar/festar Villa Smolt A/S.

Det varslast med dette om

Nybygg Anlegg Endring av fasade Riving

Påbygg/tilbygg Skilt/reklame Innhegning mot veg Bruksendring

Mellombels bygning, konstruksjon eller anlegg Antennesystem Oppretting/endring av matrikkeleining (eigedomsdeling) eller bortfeste Anna

Dispensasjon etter plan- og bygningsloven kapittel 19

Plan- og bygningsloven med forskrifter Kommunale vedtekter Arealplanar Vegloven

Vedlegg nr. B -

Arealdisponering

Set kryss for gjeldande plan

Arealdel av kommuneplan Reguleringsplan Bebyggelsesplan

Namn på plan

Arealplan U5.2 Utvidelse (23.01.2014)

Beskriv nærare kva nabovarslet gjeld

Hall over resirkuleringsanlegg.

Vedlegg nr. Q -

Spørsmål vedrørende nabovarsel rettast til

Føretak/tiltakshavar Villa Smolt A/S v/ Lennart Lillestøl

Kontaktperson, namn Lennart Lillestøl | E-post Lillestol@salmar.no | Telefon 700 87102 | Mobil 47450242

Søknaden kan sjåast på heimeside: (ikkje obligatorisk)

Merknader sendast

Eventuelle merknader må vera kome til ansvarleg søkjar/tiltakshavar innan 2 veker etter at dette varselet er sendt. Ansvarleg søkjar/tiltakshavar skal saman med søknaden, senda innkomne merknader og greie ut for eventuelle endringar.

Namn Villa Smolt A/S | Postadresse

Postnr. 6076 | Poststad Moltustranda | E-post Lillestol@salmar.no

Vedlegg

Beskriving av vedlegg	Gruppe	Nr. frå - til	Ikkje relevant
Dispensasjonsøknad/vedtak	B		<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan	D	1	<input type="checkbox"/>
Teikningar snitt, fasade	E	2, 07, 3	<input type="checkbox"/>
Anna vedlegg	Q	4	<input type="checkbox"/>

Underskrift

Stad 6076 Moltustranda | Dato 10.03.2014

Underskrift ansvarleg søkjar eller tiltakshavar Lennart Lillestøl
Gjentakast med blokkbokstavar LENNART LILLESTØL



Søknad om tillatelse til tiltak etter plan- og bygningsloven § 20-1 <input checked="" type="checkbox"/> Rammetillatelse		Berører tiltaket eksisterende eller fremtidige arbeidsplasser? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Hvis ja, skal samtykke innhentes fra Arbeidstilsynet før igangsetting av tiltaket. Byggblankett 5177 med vedlegg.
<input type="checkbox"/> Ett-trinns søknadsbehandling Oppfylles vilkårene for 3 ukers saksbehandling, jf. § 21-7 annet ledd? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		Berører tiltaket byggverk oppført før 1850, jf. Kulturminneloven § 25, andre ledd? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei Hvis ja, skal uttalelse fra fylkeskommunen foreligge før igangsetting av tiltaket.
Søknad om ansvarsrett for ansvarlig søker Foreligger sentral godkjenning? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Hvis nei, vedlegg byggblankett 5159.		Opplysninger gitt i søknad eller vedlegg til søknaden, herunder oppretting eller endring av matrikkelenhet, vil bli registrert i matrikkelen.

Søknaden gjelder							
Eiendom/byggested	Gnr. 60	Bnr. 349	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bolignr.	Kommune 1515 Herøy
	Adresse				Postnr. 6076	Poststed Moltustranda	
Planlagt bruk/formål	<input type="checkbox"/> Bolig	<input type="checkbox"/> Fritidsbolig	<input type="checkbox"/> Garasje	<input type="checkbox"/> Annet: Fiskeoppdrett	Bygn.typekode (jf. s. 2)		
Tiltakets art pbl § 20-1 (flere kryss mulig)	Nye bygg og anlegg	<input checked="" type="checkbox"/> Nytt bygg *)	<input type="checkbox"/> Parkeringsplass *)	<input type="checkbox"/> Anlegg	<input type="checkbox"/> Veg	<input type="checkbox"/> Vesentlig terrengingripping	
	Endring av bygg og anlegg	<input checked="" type="checkbox"/> Tilbygg, påbygg, underbygg *)	<input type="checkbox"/> Fasade				
		<input checked="" type="checkbox"/> Konstruksjon	<input type="checkbox"/> Reparasjon	<input type="checkbox"/> Ombygging	<input type="checkbox"/> Anlegg		
	Endring av bruk	<input type="checkbox"/> Bruksendring	<input type="checkbox"/> Vesentlig endring av tidligere drift				
	Riving	<input type="checkbox"/> Hele bygg *)	<input type="checkbox"/> Deler av bygg *)	<input type="checkbox"/> Anlegg			
	Bygn.tekn. installasj.**)	<input type="checkbox"/> Nyanlegg *)	<input type="checkbox"/> Endring	<input type="checkbox"/> Reparasjon			
	Endring av bruks-enhet i bolig	<input type="checkbox"/> Oppdeling	<input type="checkbox"/> Sammenføring				
	Innhegning, skilt	<input type="checkbox"/> Innhegning mot veg	<input type="checkbox"/> Reklame, skilt, innretning e.l.				
	Oppretting/endring av matrikkelenhet ***)	<input type="checkbox"/> Grunneiendom *)	<input type="checkbox"/> Anleggseiendom *)	<input type="checkbox"/> Festegrunn over 10 år *)	<input type="checkbox"/> Arealoverføring *)		
*) Byggblankett 5175 fylles ut og vedlegges. (Vedlegg gruppe A)		**) Gjelder kun når installasjonen ikke er en del av et større tiltak.		***) Unntatt fra krav om ansvarsrett. Behandles etter matrikkelloven. Registrert eier underskriver i feltet for tiltakshaver.			

Vedlegg				
Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. fra – til	Ikke relevant	
Opplysninger om tiltakets ytre rammer og bygningsspesifikasjon (Byggblankett 5175)	A	-	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Dispensasjonssøknad (begrunnelse/vedtak) (pbl kap. 19)	B	-	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Nabovarsling (gjenpart/nabomerknader/kommentarer til nabomerknader)	C	1 -	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan, avkjørselsplan bygning/eiendom	D	2 -	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Tegninger	E	3 -	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Redegjørelser/kart	F	-	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Søknad om ansvarsrett/gjennomføringsplan	G	-	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Boligspesifikasjon i Matrikkelen	H	-	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Uttalelse/vedtak fra annen offentlig myndighet	I	-	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Rekvisisjon av oppmålingsforretning	J	-	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Andre vedlegg	Q	-	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Erklæring og underskrift			
Ansvarlig søker bekrefter at hele tiltaket belegges med ansvar, og dekker kravene i henhold til plan- og bygningsloven. En er kjent med reglene om straff og sanksjoner i pbl kap. 32 og at det kan medføre reaksjoner dersom det gis uriktige opplysninger.			
Ansvarlig søker for tiltaket		Tiltakshaver	
Foretak Villa Smolt AS	Org.nr. 18543446	Navn Villa Smolt AS	
Adresse		Adresse	
Postnr. 6076	Poststed Moltustranda	Postnr. 6076	Poststed Moltustranda
Kontaktperson Lennart Lillestøl	Telefon 70087102	Mobiltelefon 47450242	Eventuelt organisasjonsnummer 986431446
E-post lillestol@salmar.no	E-post lillestol@salmar.no		
Dato 10.03.2014	Underskrift Lennart Lillestøl	Dato 10.03.2014	Underskrift Lennart Lillestøl
Gjentas med blokkbokstaver LENNART LILLESTØL		Gjentas med blokkbokstaver LILLESTØL, LENNART	

Bygningstyppekoder**BOLIG**

Dersom bruksarealet til bolig er større enn bruksarealet til annet enn bolig, velges bygningstype kodet innen hovedgruppen "Bolig" (111–199). Ved valg av bygningstype velges den med størst andel av arealet innen hovedgruppen.

Enebolig 111 Enebolig 112 Enebolig med hybel/sokkelleilighet 113 Våningshus	Store boligbygg 141 Stort frittliggende boligbygg på 2 et. 142 Stort frittliggende boligbygg på 3 og 4 et. 143 Stort frittliggende boligbygg på 5 et. eller mer 144 Store sammenbygde boligbygg på 2 et. 145 Store sammenbygde boligbygg på 3 og 4 et. 146 Store sammenbygde boligbygg på 5 et. eller mer	Fritidsbolig 161 Hytter, sommerhus ol. fritidsbygg 162 Helårsbolig som benyttes som fritidsbolig 163 Våningshus som benyttes som fritidsbolig
Tomannsbolig 121 Tomannsbolig, vertikaldelt 122 Tomannsbolig, horisontaldelt 123 Våningshus, tomannsbolig, vertikaldelt 124 Våningshus tomannsbolig, horisontaldelt	Bygning for bofellesskap 151 Bo- og servicesenter 152 Studenthjem/studentboliger 159 Annen bygning for bofellesskap*	Koie, seterhus og lignende 171 Seterhus, sel, rorbu og liknende 172 Skogs- og utmarkskoie, gamme
Rækkehus, kjedehus, andre småhus 131 Rækkehus 133 Kjede-/atriumhus 135 Terrassehus 136 Andre småhus med 3- boliger eller flere		Garasje og uthus til bolig 181 Garasje, uthus, annekst til bolig 182 Garasje, uthus, annekst til fritidsbolig
		Annen boligbygning 193 Boligbrakker 199 Annen boligbygning (sekundærbolig reindrift)

ANNET

Dersom bruksarealet ikke omfatter bolig eller bruksarealet til bolig er mindre enn til annet, velges bygningstype kodet innen "Annet" (211–840) ut fra hovedgruppen som samlet utgjør det største arealet. Ved valg av bygningstype velges den med størst andel av arealet innen hovedgruppen.

INDUSTRI OG LAGER Industribygning 211 Fabrikbygning 212 Verkstedsbygning 214 Bygning for renseanlegg 216 Bygning for vannforsyning 219 Annen industribygning *	Garasje- og hangarbygning 431 Parkeringshus 439 Annen garasje-/hangarbygning *	Idrettsbygning 651 Idrettshall 652 Ishall 653 Svømmehall 654 Tribune og idrettsgarderobe 655 Helsestudio 659 Annen idrettsbygning *
Energiforsyningsbygning 221 Kraftstasjon (> 15 000 kVA) 223 Transformatorstasjon (> 10 000 kVA) 229 Annen energiforsyning *	Veg- og trafikktilsynsbygning 441 Trafikktilsynsbygning * 449 Annen veg- og biltilsynsbygning *	Kulturhus 661 Kino-/teater-/opera-/konsertbygning 662 Samfunnshus, grendehus 663 Diskotek 669 Annen kulturhus *
Lagerbygning 231 Lagerhall 232 Kjøle- og fryselager 233 Silobygning 239 Annen lagerbygning *	HOTELL OG RESTAURANT Hotellbygning 511 Hotellbygning 512 Motellbygning 519 Annen hotellbygning *	Bygning for religiøse aktiviteter 671 Kirke, kapell 672 Bedehus, menighetshus 673 Krematorium/gravkapell/bårehus 674 Synagoge, moske 675 Kloster 679 Annen bygning for religiøse aktiviteter *
Fiskeri- og landbruksbygning 241 Hus for dyr/landbruk, lager/silo 243 Veksthus 244 Driftsbygning fiske/fangst/oppdrett 245 Naust/redskaphus for fiske 248 Annen fiskeri- og fangstbygning 249 Annen landbruksbygning *	Bygning for overnatting 521 Hospits, pensjonat 522 Vandrer-/feriehjem 523 Appartement 524 Camping/utleiehytte 529 Annen bygning for overnatting *	HELSE Sykehus 719 Sykehus *
KONTOR OG FORRETNING Kontorbygning 311 Kontor- og administrasjonsbygning, rådhus 312 Bankbygning, posthus 313 Mediabygning 319 Annen kontorbygning *	Restaurantbygning 531 Restaurantbygning, kafébygning 532 Sentralkjøkken, kantinebygning 533 Gatekjøkken, kioskbygning 539 Annen restaurantbygning *	Sykehjem 721 Sykehjem 722 Bo- og behandlingssenter 723 Rehabiliteringsinstitusjon, kurbad 729 Annen sykehjem *
Forretningsbygning 321 Kjøpesenter, varehus 322 Butikk/forretningsbygning 323 Bensinstasjon 329 Annen forretningsbygning * 330 Messe- og kongressbygning	KULTUR OG UNDERVISNING Skolebygning 611 Lekepark 612 Barnehage 613 Barneskole 614 Ungdomsskole 615 Kombinert barne- ungdomsskole 616 Videregående skole 619 Annen skolebygning *	Primærhelsebygning 731 Klinik, legekontor/-senter/-vakt 732 Helse-/sosialsenter, helsestasjon 739 Annen primærhelsebygning *
SAMFERDSEL OG KOMMUNIKASJON Ekspedisjonsbygning, terminal 411 Ekspedisjonsbygning, flyterminal, kontrolltårn 412 Jernbane- og T-banestasjon 415 Godsterminal 416 Postterminal 419 Annen ekspedisjon- og terminalbygning *	Universitets-, høyskole og forskningsbygning 621 Universitet/høyskole m/auditorium, lesesal mv. 623 Laboratoriebygning 629 Annen universitets-, høyskole og forskningsbygning *	FENGSEL, BEREDSKAP O.A. Fengselsbygning 819 Fengselsbygning *
Telekommunikasjonsbygning 429 Telekommunikasjonsbygning	Museums- og biblioteksbygning 641 Museum, kunstgalleri 642 Bibliotek/mediatek 643 Zoologisk-/botanisk hage (bygning) 649 Annen museums-/biblioteksbygning *	Beredskapsbygning 821 Politistasjon 822 Brannstasjon, ambulansestasjon 823 Fyrstasjon, losstasjon 824 Stasjon for radarovervåk. av fly-/skipstrafikk 825 Tilfluktsrom/bunker 829 Annen beredskapsbygning * 830 Monument 840 Offentlig toalett

*) eller bygning som har nær tilknytning til tjener slike bygninger

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2014/102	Saksbeh. AZT
27 MARS 2014	
Ark kode P	60/349
Ark kode S	
J. nr.	Dok nr. 3
Kassasjon	

Villa Smolt AS
v/Lennart Lillestøl

6076 MOLTUSTRANDA

Moltustranda, 22.03.2014

STØYMÅLING

Viser til dykkar brev av 12.04.2013.

Sitat frå brevet: «*Villa Smolt AS vil dersom det vert funne lite akseptable verdiar under støymålingane gjere tiltak som reduserer desse. Vi er i kontakt med ekspertar på dette feltet.*»

Støymålingane utført 15.05.2013 viste høge verdiar. Det er no snart eit år sidan vi mottok dette brevet, og målingane vart føretekne. Når vil dette verte gjort noko med? For oss er dette eit miljøproblem som må takast på alvor og gjerast noko med.

Med helsing



Odd Thorseth



Noralf Lillestøl



Bård Gjerde



Solfrid Møller

Kopi: Herøy kommune, Utviklingsavdelinga, 6090 Fosnavåg

EGSET VENTILASJON AS

- Ditt innemiljø er vårt fag!



Morkafura 6

6100 VOLDA
TLF. 70 05 30 48

www.egset.no

Villa Smolt AS
6076 Moltustranda
v. Lennart Lillestøl

Volda 03.06.13
Volda 31.03.14

RAPPORT ETTER STØYMÅLINGER

Dato	30.05.13
Klokkeslett	11.00 – 14.00
Sted	Moltustranda – ved veg og boliger – se resultat
Måler	AZ 8925 Sound Level Meter - håndholdt instrument
Kalibrering	Før og etter måling
Målested	Langs vei samt ved og i gjeldende boliger
Bakgrunnsstøy	Lite eller ingen trafikk resulterte i gode målinger
Til stede	Espen Egset og Lennart Lillestøl

Bakgrunn:

I forbindelse med en planlagt utbygging av smoltanlegget var det ønskelig, etter klager på støy fra naboer, å få en redegjørelse på støyen fra nåværende anlegg. Ønsker å se på løsninger for å etterkomme klager.

Den 30.04.13 foretok vi en gjennomgang av fremtidige støymålinger mot naboer samt gjennomført innvendige støymålinger i produksjonsrom.

Følgende rom ble målt:

Lydmålinger etter tiltak 31.03.2014

Blåsarrom	108 dB	101 db
Varmevekslerrom	79 dB	
Labrom	60 dB	
Veksthall	82dB	

Om målingen og Metode:

Målingene er foretatt med veiekurve dB(A) – (slik mennesker oppfatter lyden).

Resultat: sjekkmålinger etter tiltak 31.03.2014 målt på Altan/ merka me raudt

G.nr/br.nr	Navn	Nedom veg	Oppom veg	Altan	Soverom lukket vindu	Soverom åpent vindu
60/208	Nicolai Wiig	40dB	40dB	40dB/ 46 db		
60/182	Odd Thorseth	46dB	40dB	40dB/ 40 db		40dB
60/266	Noralf Lillestøl	48dB	42dB	48dB/ 45 db		35dB
61/3	Bård Gjerde			63dB/ 53 db		
60/254	Solfrid Møller			55dB/ 46 db		
61/5	Johnny Slettebakk			58dB/ 48 db		

Diskusjon:

Konklusjon: Tiltaka har virka , vi ser av tabellen at reduksjon i db utgjør ei halvering av støynivået. Ein reduksjon på 3 db halverar lydeffekten. Lydnivået tilfredstiller dei gjeldande krav til støy frå naboeigendom. Resultatet blir endå bedre når ein får bygge tak over konstruksjonane.


Med vennlig hilsen

Espen Egset
Egset Ventilasjon AS

Referanser

Forskrift om miljørettet helsevern <http://www.lovdata.no/cgi-wift/lldes?doc=/sf/sf/sf-19951201-0928.html#21> § 21

Herøy Kommune
Utviklingsavdelingen
Postboks 274
6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2014/102	Saksbeh. AZE
10 APR. 2014	
Ark.kode P	66/349
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 7
Kassasjon	

Moltustranda 09.04.2014

Viser til brev «Villa Smolt AS 60/349 – Behov for meir utfyllande opplysningar om tiltaket» med saksnr 2014/102.

Klage fra naboer vedrørende støy mottatt 22.03.2014 .

Det har blitt utført utbedringer i forhold til støy, viser til «Rapport etter støymålinger»(vedlegg 1) som redegjør for både før og etter støyutbedringer ble gjennomført.

Viser til «Tilsvar nabovarsel».

Angående tilsvar på nabovarsel mottatt 22.03.2014 vurderer Villa Smolt A/S det slik at plan om utbygging er i tråd med plan- og bygningsloven § 29 – 4 som vist i tidligere tilsendte tegninger.

Klage fra Nicolai Wiik vedrørende kloakklukt.

Villa Smolt A/S stiller seg uforstående til kloakklukt fra anlegget.

Helsing

Lenart Lillestøl
Lenart Lillestøl
Villa Smolt A/S

TEKSTDEL

GENERELT

Arealdelen av kommuneplanen er juridisk bindande og skal leggast til grunn ved planlegging og handsaming av enkeltsaker i kommunen. I arealdelen inngår oversiktskartet i målestokk 1:30.000 og kommunedelplan for Bergsøy i målestokk 1:10.000.

Rettsleg bindande bestemmelsar knytta til planen med heimel i plan- og bygningslova § 20-4 er utheva med ramme.

§ 20-4 nr. 1 BYGGJEOMRÅDE

Innanfor desse områda kan arbeid og tiltak som er nemnt i lovas §§ 84, 86a, 86b og 93 og frådeling til slike tiltak finne stad i samsvar med følgjande føsegner (i rammer):

Krav til regulerings- eller bebyggelsesplan (Pbl. § 20-4, b):

Innanfor areal merka RP (reguleringsplan) på plankartet og innafør strandsona frå sjøen, kan tiltak som nemnd i Pbl. §§ 84 og 93 og frådeling til slike formål ikkje finne stad før arealet inngår i reguleringsplan. Det er unntak for plankrav i naustområde. (Med strandsona er det meint 100-meter belte jfr. Pbl. § 17-2 andre ledd eller areal mellom offentleg veg og strandkant).

Innanfor areal merka BP (Bebyggelsesplan) på plankartet, innanfor areal avsett til næringsverksområde eller offentleg bygningar og anlegg og eigedomar større enn 3 dekar innafør areal avsett til byggeområde for bustader, kan tiltak som nemnd i Pbl. §§ 84 og 93 og frådeling til slike formål ikkje finne stad før arealet inngår i bebyggelsesplan.

Alle søknader om frådeling i uregulerte byggeområde skal sendast kulturavdelinga i Fylkeskommunen til uttale.

(*) Kulturminne på Berge, gnr. 29/9, som ligg innanfor avsett bustadområde, skal særleg takast omsyn til i ein reguleringsplanprosess. Kulturavdelinga krev sikring i form av regulering til spesialområde vern. Storleiken på dette spesialområdet vil verte klarlagt under reguleringa, men ein må rekne med min. ca 50 m frå fornminna sin ytterkant.

Krav til etablering av teknisk anlegg (Pbl. § 20-4, b):

I områder som er sett av til utbyggingsfremål kan utbygging ikkje finne stad før godkjente tekniske anlegg (køyreveg, gang- og sykkelveg, vassforsyning og avløp) er etablert. I område som vert omfatta av kloakkrammeplan for Herøy, skal tiltaka som følgje av denne planen, vere gjennomført før utbygging finn stad.

For byggeområda Leikongrysta-Nykrem, Djupvik, Dragsund/Makrellvågen og Kobbeneset må det i samråd med vegmyndigheitene etablerast tilfredstillande kryssmoglegheiter for mjuke trafikantar før utbygging finn stad.

For byggeområda på Notøy, Sandvika, Moltu-Rabben må det etableres gang- og sykkelveg langs riks- eller fylkesveg før utbygging.

Krav til bygningers plassering, storleik og utforming (Pbl. § 20-4, b):

Innanfor områder avsett til bustadområder kan bygningar oppførast med inntil 2 etasjer.

Garasje og buder kan berre oppførast i 1 høgd og grunnflata må ikkje overstige 50 m², og dei skal vere tilpassa bustadhuset med omsyn til form og materialval. Garasjer og buder kan plasserast med ein vegg i nabogrense innafør ramma av byggeforskriftene.

Areal- og funksjonskrav til leikeareal og andre uteopphaldsplasser og krav til ferdigstilling (Pbl. §20-4, d):

I nærområdet til bustadane skal det finnast areal for eit allsidig leiketilbod med moglegheiter for balleik, sykling og aking. Eit areal på minst 1,5 dekar skal ligge maks 250 m frå bustadane i tett bebyggelse. Arealet kan delast i mindre einingar, men inger: einingar skal vere mindre enn 0,5 dekar.

Tilkomstvegane i bustadområde skal også gi moglegheit for leik og opphald for barn og vaksne på stader der støynivået ikkje overstig 55 dB(A). Det skal vere mogleg med allsidig aktivitet for aldersgruppa 1-7 år.

Bustadfelt skal opparbeidast ferdig med leikeareal, gang- og sykkelstiar og gatelys seinast når halve feltet er utbygd.

Dei naturgitte og best velegna områda i bustadfeltene skal prioriterast til barn sine leike- og opphaldsmoglegheiter. Omkostningar til opparbeiding av gang- og sykkelstiar, gatelys og leike- og opphaldsareal for barn skal takast med i feltomkostningane.

Krav ved inngrep i sjøen


Før det vert gjort inngrep i sjøbotnen, skal saka eller tiltaket leggest fram for Bergens sjøfartsmuseum som vedkomande mynde etter forskrift til Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner, § 14. Bergens sjøfartsmuseum kan krevje å undersøke om det kan vere skipsfunn eller marine kulturminner i tiltaksområda. Etter kulturminnelova sine §§ 9 og 10 har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekke utgiftene til undersøkinga. Særlege marinarkeologiske satsingsområde i Herøy er Runde, Flåvær og skorpa.

Dei statleg utbygde fiskerihamnene skal fortrinnsvis nyttast til fiskerirelatert næringsverksemd. Søknader om tiltak i uregulerte fiskerihamneområde skal sendast kystverket til høyring i samsvar med Pbl § 9. Søknader skal handsamast etter hamne- og farvasslova sin § 8 andre ledd.

- * For byggeområder som vert omfatta av regulerings- eller bebyggelsesplan gjeld kommunen sine vedtekter til plan- og bygningslova §69 nr. 3 i tillegg til desse føresegnene.
- * I område der det er vurdert å vere vegtrafikkstøy skal reguleringsplanen omtale tiltak for å overhalde støykrava. Byggeområda langs riksvegen på Bergsøya er særleg utsett.
- * Bygninger si plassering, høgd og utforming elles skal følgje føresegnene i Pbl. og kommunen sine vedtekter til same lov.
- * Bygninger si endelege plassering på tomta vert fastsett av det faste utvalet for plansaker.
- * Bygninger skal tilpassast kringliggjande eksisterande bygninger med omsyn til takform, takvinkel, etasjetal og bygningsform elles.
- * Byggeavstand frå veg følgjer veglova sine avstandskrav.
- * Det skal anleggast biloppstillingsplasser i tråd med Statens vegvesen sine retningsliner i vegnormal 017.
- * Manøvreringsplass, laste- og losseplass skal ordnast på eigen grunn eller fellesanlegg for fleire eigedomar.
- * Industriområdet på Vågsholmen skal kunne vurderast nærare i samband med ei eventuell seinare utarbeidd stadanalyse for Fosnavåg sentrum.





HERØY KOMMUNE
10.04.2014 1:1000
Det kan forekomme feil i kartet



Akv

HERØY KOMMUNE
10.04.2014 1:1000
Det kan forekomme feil i kartet



3.3 Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse

Retningslinjens tabell 3 med anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse er gjengitt under.

Tabell 3: Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny støyende virksomhet og bygging av boliger, sykehus, pleieinstitusjoner, fritidsboliger, skoler og barnehager.

Støykilde	Støynivå på uteoppholdsareal og utenfor vinduer til rom med støyfølsom bruksformål	Støynivå utenfor soverom, natt kl. 23 – 07	Støynivå på uteoppholdsareal og utenfor rom med støyfølsom bruksformål, dag og kveld, kl 7 - 23	Støynivå på uteoppholdsareal og utenfor rom med støyfølsom bruksformål, lørdager	Støynivå på uteoppholdsareal og utenfor rom med støyfølsom bruksformål, søn-/helligdag
Vei	L_{den} 55 dB	L_{5AF} 70 dB	-		
Bane	L_{den} 58 dB	L_{5AF} 75 dB	-		
Flyplass	L_{den} 52 dB	L_{5AS} 80 dB	-		
Industri med helkontinuerlig drift	Uten impulslyd: L_{den} 55 dB Med impulslyd: L_{den} 50 dB	L_{night} 45 dB L_{AFmax} 60 dB			
Øvrig industri	Uten impulslyd: L_{den} 55 dB og $L_{evening}$ 50 dB Med impulslyd: L_{den} 50 dB og $L_{evening}$ 45 dB	L_{night} 45 dB L_{AFmax} 60 dB	-	Uten impulslyd: L_{den} 50 dB Med impulslyd: L_{den} 45 dB	Uten impulslyd: L_{den} 45 dB Med impulslyd: L_{den} 40 dB
Havner og terminaler	Uten impulslyd: L_{den} 55 dB Med impulslyd: L_{den} 50 dB	L_{night} 45 dB, L_{AFmax} 60 dB			
Motorsport	L_{den} 45 dB	Aktivitet bør ikke foregå	L_{5AF} 60 dB		
Skytebaner	L_{den} 30 dB	Aktivitet bør ikke foregå.	L_{AImax} 60 dB		
Vindturbiner	L_{den} 45 dB	-	-		
Nærmiljøanlegg	L_{AFmax} 60 dB				

Avrundingsregler

Når det skal rundes av til nærmeste hele tall ser vi på første siffer rett etter kommaet.

- er sifferet 0, 1, 2, 3 eller 4 tar vi vekk alle desimalsifrene og beholder det hele tallet slik som det v0ar

- er sifferet 5, 6, 7, 8 eller 9 tar vi vekk alle desimalsifrene og øker det hele tallet med 1

Eksempel; 54,499 = 54, mens 54,511 = 55

3.3.1 Kommentarer til grenseverdiene

Midlingstid for ekvivalentnivåkrav

Grenseverdiene for ekvivalentnivå i L_{den} og L_{night} gjelder i utgangspunktet som årsmiddelverdi for alle kilder. Unntaket er kategorien "øvrig industri" som på grunn av stor variasjon i driftsmønster skal beregnes som døgnmiddelverdier.

For andre kilder med store variasjoner i aktivitet bør det også benyttes grenseverdier midlet over døgn eller driftstid. Som hovedregel bør ikke støynivået i L_{den} eller L_{night} for et enkelt driftsdøgn overskride anbefalt årsmidlet gjennomsnitt med mer enn 3 dB. Er årsmiddelkravet L_{den} 55 dB, bør med andre ord ikke døgnmiddel overskride L_{den} 58 dB i løpet av et driftsdøgn. Denne begrensning en er lagt inn for å hindre at virksomhet med store variasjoner i aktivitet utnytter friheten i årsmiddelkravet til svært intensiv støyende aktivitet i kortere perioder. Et alternativ til bruk av døgnmiddelkrav eller krav midlet over driftstid, er supplerende krav til maksimalt støynivå på dag og kveld. Som det framgår er dette anbefalt for skytebaner og motorsport. For disse to kildene gjelder derfor ikke regelen om maksimalt \pm 3 dB variasjon fra årsmiddelkravet.

Moltustranda, 22.03.2014

Villa Smolt AS

6076 MOLTUSTRANDA

OPU

HERØY KOMMUNE	
RADMANNEN	
2014/102	Saksbeh. AZT
26 MARS 2014	
60/349	
	Dok nr. 4

TILSVAR NABOVARSEL

Villa Smolt AS er allereie etablert her og vi er positive til at det vert etablert arbeidsplassar. Bedrifta må få utvikle seg, men vi vil også bu her og ha eit godt bumiljø utan store ulemper p.g.a dette. Omsøkte bygging av hall over resirkuleringsanlegg med den høgde det er søkt om, betyr for oss ei forringing av både bumiljø og verdi av eigdomane. Dette kan vi ikkje akseptere.

Ved påteikning av tidligare nabovarsel til bygging av resirkuleringsanlegget, vart det gitt lovnad om at bygget ikkje skulle verte høgare enn eksisterande bygg. Dette viser seg no ikkje å vere tilfelle. Vi krev at denne lovnaden vert halden.

Vi vil nemne dei to største ulempene for oss som er støy og at bygga vert så høge at vi misser all utsikt. 2 av eigdomane får større ulempe av det enn dei 2 andre. Det vert som å bu på eit industriområde og det kan vi ikkje godta.

Vår konklusjon er at der ikkje må kome meir høgde enn eksisterande på resirkuleringsanlegget. Dersom dette skjer vil det vere svært negativt for bumiljøet og for verdien av eigedomane våre som allereie har vorte forringa. Vi ser oss då tvinga til å kome med erstatningskrav for verdiforringelsen.

Med helsing

Odd Thorseth

Odd Thorseth
Gnr 60 bnr 182

Noralf Lillestøl

Noralf Lillestøl
Gnr 60 bnr 266
Gnr 60 bnr 18

Bård Gjerde

Bård Gjerde
Gnr 61 bnr 3

Solfrid Møller

Solfrid Møller
Gnr 60 bnr 254

Kopi: Herøy kommune, Utviklingsavdelinga, 6090 Fosnavåg



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2014/57
		Arkiv:	37/381

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
37/14	Maritim og teknisk komite	25.03.2014
44/14	Maritim og teknisk komite	29.04.2014

HERØY EIGEDOM AS 37/381 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN

Møtebehandling:

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg orienterte.

Saka vert utsett til neste møte. Det blir halde synfaring i saka.

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite gjev med heimel i PBL § 19-2, avslag på søknad om dispensasjon frå arealformålet i reguleringsplan 1515201209 MYKLEBUST VEST og kravet om støyskjerming i reguleringsplanen sine føresegner § 7 bokstav d, for etablering av parkeringsplassar innanfor området «f_L» og oppføring av balkongar i fasade til ny 2.etg utan støyskjerming.

Grunngjeving for avslag på søknad om dispensasjon:

Maritim og teknisk komite legg vekt på at ein dispensasjonen frå plan her vil tilsidesette føremålet bak føresegna det vert dispensert frå og formålsparagrafen i

plan- og bygningslova. Ein vurderer det også slik at fordelane ikkje er klart større enn ulempene ved å gi dispensasjon. Vilkåra for å kunne gi dispensasjon i denne saka vil difor ikkje vere oppfylt.

Barn- og unge sine interesser vil ikkje bli ivaretatt i samsvar med formålsparagrafen i plan- og bygningslova ved ein dispensasjon frå plan i denne saka. Reduksjon av storleiken på leikearealet og ny plassering vert vurdert som ein vesentleg reduksjon i kvaliteten for det arealet som er meint for barn og unge sine interesser.

Dette blir vurdert til å vere i strid med *RPR rikspolitiske retningslinjer for barn og unge sine interesser*. Det vert her lagt vekt på at planen, i tillegg til nye leilegheiter og parkering, også skal legge til rette for kvalitativt gode uteopphaldsareal for bebuaren i området.

Ei endring slik det her blir søkt om vil også medføre ei endring av arealformåla i reguleringsplanen, noko som klart og tydeleg talar for ei reguleringsendring framfor ein dispensasjon.

Når det gjeld kravet om støyskjerming, viser ein til at dei regionale høyringsinstansane frårår at det blir gjeve dispensasjon frå kravet om støyskjerming på balkongane. Eit fritak frå kravet om støyskjerming vil medføre høgare støyverdiar enn det som er anbefalt i rettleiar «*T-1442/2012 Behandling av støy i arealplanlegging*» og vil medføre at desse balkongane berre kan nyttast ved enkelte tidsrom i døgnet. Dette grunna den høge trafikkstøyen i området. Totalt sett meiner ein at dette vil vere ei dårlegare løysing for kvaliteten til dei private uteopphaldsareala for dei nye leilegheitene i 2.etg på gnr 37 bnr 381.

Med omsyn til ei heilskapleg vurdering, er ein av den oppfatning av at det ikkje ligg føre vilkår for å kunne gi dispensasjon frå reguleringsplan slik det er søkt om i denne saka.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Prosjektbygg AS	Postboks 183	6099 Fosnavåg
Herøy Eigedom AS		
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404 Molde
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404 Molde
Statens Vegvesen Region Midt	Fylkeshuset	6404 Molde
Elisabeth Larsen	Svingen 13	6092 Fosnavåg
Barnerepresentanten	Her	

Vedlegg:

- 01 – Søknad om dispensasjon og rammeløyve m/vedlegg
- 02 - Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 04.03.2014
- 03 - Uttale frå kommunen sin barnerepresentant, datert 06.03.2014
- 04 - Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 06.03.2014
- 05 - Sol-skuggeanalyse for bygg i 2.etg
- 06 - Plankart
- 07 - Føresegner
- 08 - Støyvurdering, rapport frå Kildeakustikk AS, datert
- 09 – Flyfoto over eigedomen som viser dagens situasjon M 1:1000
- 10 - Uttdrag frå rettleiar T-1442/2012
- 11 - Uttale frå Statens Vegvesen, datert 06.03.2014.

Saksopplysningar:

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealformålet og reguleringsføresegna i reguleringsplan 1515201209 MYKLEBUST VEST, vedteke av kommunestyret i K-sak 22/12 i møte den 23.02.2012. Kommunestyret sitt vedtaket blei stadfesta av Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjennom avgjerde i klagesak, datert 5.9.2013.

Prosjektbygg AS, søker på vegne av Herøy Eigedom AS, om dispensasjon frå det arealformålet som er regulert til felles privat leikeplass (f_L) innanfor planområdet, med sikte på å opparbeide dette arealet til parkering. Det blir søkt om å flytte den regulerte leikplass/uteområde til aust/sørsida av bustadhuset på gnr 37 bnr 92, og slik at dimensjonen på dette vert tilpassa dei 7 leilegheitene som er planlagt i 2.etg. Det blir søkt om at storleiken på uteareal pr leilegheit vert sett til 20 m² på bakkenivå. I søknad blir det vist til at arealet for leik/uteområde blir på omlag 150 m² og plassert slik det er vist på situasjonsplan og at dette arealet blir støyskjerma.

Det blir vidare søkt om dispensasjon frå kravet om støyskjerming på balkongane til dei nye leilegheitene i 2.etg i reguleringsføresegene § 7 bokstav d. Søkjar viser til at balkongane blir vurdert som «frivillig tilleggsareal» som kan behandlast som ein luftbalkong og at det primære uteopphaldsarealet er tenkt løyst innanfor eit felles støyskjerma areal på bakkenivå.

Målet med søknaden er å få bygge på ei 2.etg på dagens bygning innanfor gnr 37 bnr 381 med inntil 7 nye bueiningar (leilegheiter). Eigedomen er regulert til bustad/kontorføremål og det er i dag etablert føretak som leiger lokale 1.etg i bygget.

Gjennom nabovarsling har ansvarleg søkjar motteke merknad frå nabo. Denne er lagt ved og kommentert. Utviklingsleiaren har ikkje merknader til korleis denne er behandla av ansvarleg søkjar.

Søknaden har vore på høyring og det er kome inn uttalar frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, Statens Vegvesen Region Midt og kommunen sin barnerepresentant innan fristen. Innkomne uttalar følgjer saka som vedlegg. Ein vil her kort kome med ei oppsummering av dei uttalane som ein har motteke innan fristen:

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 04.03.2014:

Fylkesmannen viser til vedlagt støyanalyse og anbefalte verdiar i rettleiar T-1442/12 for <55 dB, og meiner at sjølv om uteopphaldsareal kan tilfredstille støytilhøva ein annan plass, vil balkongane bli brukt. Fylkesmannen finn det ikkje tilfredstillande at

det vert bygd balkong utan skjerming og vil vurdere å klage på eit eventuelt vedtak om dispensasjon frå kravet om støyskjerming på balkongane.

Fylkesmannen viser til at alternativ plassering av leikeplasen vil vere ei lite god løysing, og at den vil kunne opplevast som innelukka – grunna støyskjerming og plasseringa mellom to bygg. Fylkesmannen meiner at dersom det skal gjevast dispensasjon, må det argumenterast godt for at endringa ikkje er i strid med dei rikspolitiske retningslinjene for born og planlegging. Fylkesmannen meiner at formålet i planen vil verte vesentleg sett til sides, og vil vurdere å påklage eit positivt vedtak om dispensasjon i denne saka.

Uttale frå kommunen sin barnerepresentant, datert 06.03.2014:

Barnerepresentanten sluttar seg til søknaden, men peikar på viktigeita av at uteområdet og leikeområdet vert ferdig opparbeidd når leilegheitene er innflyttingsklare.

Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 06.03.2014:

Fylkeskommunen viser til at leikeplassen i nytt forslag framleis er solvendt og sikra mot trafikk og støy, men understrekar at den tette plasseringa inn til husvegg i nordvest ikkje er teneleg – verken for huseigar eller born. Fylkeskommunen meiner at det her bør vere bufferareal imellom. Fylkeskommunen konkluderer med at leikearealet ikkje vert tilstrekkeleg sikra gjennom ei dispensasjonssak og at dei vil sterkt frårå eit positivt vedtak. Dei peikar på at løysinga framstår som akseptabel gitt at det her er tettbygd strok, men at den likevel er dårlegare enn i eksisterande plan.

Uttale frå Statens Vegvesen Region Midt, datert 06.03.2014:

Dersom den nye leikeplassen vert omfatta av tilfredstillande støyforhold, så har statens vegvesen ikkje merknader til omdisponering av leik til parkering. Når det gjeld støyskjerming av balkongane, finn ikkje statens vegvesen grunnlag eller tilrådeleg at det vert dispensert frå kravet om skjerming i føresegnene.

Vurdering og konklusjon:


Utviklingsleiaren viser til at det ikkje kan gjevast dispensasjon dersom omsyna bak føresegna det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sin formålsparagraf, blir vesentleg tilsidesett. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering, jfr. PBL § 19-2. Etter administrasjonen si vurdering er ikkje vilkåra for å gi dispensasjon oppfylt i denne saka.

Det blir vist til at Herøy kommunestyre godkjende første gang reguleringsplanen for eigedomen med rammer for oppføring av eit bygg i 3.etg på eigedomen. Vedtaket blei påklaga av naboar og seinare gjorde kommunestyret eit vedtak om godkjenning av reguleringsplan med rammer for eit bygg i 2.etg. Dette vedtaket blei påklaga av både tiltakshavar og naboane i Svingen. Kommunestyret opprettheldt sitt vedtak i handsaming av klagen (bygg med 2.etg) og Fylkesmannen stadfesta kommunen sitt vedtak gjennom behandling av klagesaka. I løpet av planprosessen og samband med at kommunestyret endra sitt tidlegare vedtak om godkjenning byggjehøgda frå 3 til 2.etg, blei ikkje ikkje dimensjon og storleik på leikeplassen endra som følgje av dette. Endringa skjedd ved handsaming av klage i kommunestyremøte etter forslag til endra tilråding frå politikarar.

Endra vedtak medførte at storleiken på det leikarealet som er vist i godkjend reguleringsplan er vurdert til å vere vesentleg større enn det som blir vurdert som eit

reelt behovet for areal til uteopphald for 7 nye leilegheiter på gnr 37 bnr 381. Verken kommuneplanens arealdel eller reguleringsplanen inneheld krav om storleik knytt til *minste ute opphaldsareal (MUA)*. Storleiken til leikearealet som er regulert i plan er på 439 m², noko som er under kravet i gjeldande kommuneplan, men samstundes ein storleik som gir rikeleg med uteareal pr leilegheit, dersom ein legg til grunn 7 leilegheiter. Det er vidare gjennomført støyvurdering knytt til utarbeiding av reguleringsplanen for dette området og det er teke inn krav om støyskjerming med basis i fagrapporten som er utført av Kildeakustikk på vegne av plankonsulent AG Plan og arkitektur AS.

Når det gjeld krav til parkering for 7 nye leilegheiter på gnr 37 bnr 381, er det i planomtalen illustrert korleis dette er tenkt løyst ved utbygging av nye bueiningar. Ein viser her til skissa under som illustrerer korleis parkeringsdekninga blei fordelt ved utarbeiding av reguleringsplan. Etter administrasjonen si vurdering er dette ei tilfredstillande parkeringsløyising for området og ein legg også då til grunn at det er mogleg med innvendig parkeringsareal gjennom garasjar i bygget.



Illustrasjon som viser framtidig parkeringssituasjon i området og lokalisering av parkeringsplassar for rørslehemma.

Utviklingsleiaren viser til uttale frå høyringsinstansane og meiner at ein i denne saka bør ta eigedomen sin sentrumsnære lokalisering i betraktning ved vurdering av spørsmålet om dispensasjon frå reguleringsplan. Ein er samd med Fylkeskommunen i at ein må sjå løysinga i samband med at eigedomen er lokalisert i tettbygd strok. Eigedomen ligg i kort avstand til sentrale funksjonar på Myklebust, i eit område som blir oppfatta som «tettbebygd», og som er i sterk vekst med press på moglege byggjeareal. Større bustadfelt, handels- og servicefunksjonar, innfartsveg til Fosnavåg, større offentleg helsesenter og Myklebustvatnet naturreservat er element som legg streke føringar for kva som er mogleg å gjennomføre av byggjetiltak i dette sentrumsnære pressområdet, noko som tilseier at ein bør ha god balanse mellom uteareal, parkering og byggjeareal.

Det blir vist til uttale frå dei regionale instansane og kommunen sin barnerepresentant i høve vurderingar av dispensasjonsspørsmålet knytt til omdisponering av areal og fritak frå støyskjerming. Desse momenta skal i behandling av dispensasjonsspørsmålet vurderast opp mot moment som barn- og unge sine interesser.

Med vekt på at uttalane frå høyringsorgana er negative og at desse vil fråå ein dispensasjon i høve gjeldande reguleringsplan, er utviklingsleiaren av den oppfatning at erstatningsarealet til barn- og unge og omdisponering av leikeplass ikkje vil vere i tråd med dei *rikspolitiske retningslinjene for barn og unge*. Sjølv om det nye arealet vert dimensjonert i høve behovet for MUA knytt til dei 7 nye leilegheitene, er ein av den oppfatning av at ei omdisponering av regulert leikeplass til parkering og re-etablering av denne tett inntil eit bustadhus, vil vere ei vesentleg dårlegare løysing med tanke på kvaliteten på leikearealet. Totalt sett ser ein denne løysinga som ei svekking av barn og unge sine interesser og ei vesentleg dårlegare løysing for området enn den som er regulert i eksisterande plan. Dette strir klårt mot *rikspolitiske retningslinjene for barn og unge*. Dersom det skal skje ei endring av arealformåla i denne reguleringsplanen, er ein av den oppfatning av at dette må skje gjennom ei reguleringsendring framfor ein dispensasjon. Etter ei samla vurdering finn ein at vilkåra for å gi dispensasjon ikkje vil vere oppfylt i høve omdisponering av leikeareal til parkering og re-etablering av dette innanfor området FS.

Når det gjeld spørsmål om dispensasjon frå kravet om støyskjerming av balkongar til nye leilegheiter i 2.etg, så legg utviklingsleiaren vekt på at sjølv om det primære uteopphaldsarealet for leilegheitene vil vere på bakkenivå, vil balkongane likevel vere viktig privat uteplass knytt til kvar enkelt leilegheit. Ein er samd med søkjar i at balkongane til ei viss grad kan sjåast på som «frivillig tilleggsareal» med moglegheiter for opphald kortare i tidsperiodar på døgnet då støybelastning mot fasaden er lågare. Dispensasjon frå kravet om støyskjerming av balkongane vil likevel medføre ei vesentleg dårlegare løysing enn kva som er vist i gjeldande plan av omsyn til høgare støyverdiar, jfr vedlagt støyrapport og rettleiar for støy T-1442/2012. Dei høge støyverdiane som det her blir vist til kan, over ei lengre tidsperiode, få vesentleg innverknad for helse, miljø og trivsel for dei som skal bruke balkongane. Utviklingsleiaren er her av den oppfatning av at sjølv om rettleiar for støy gir rom for at det kan opnast opp for at ny bebyggelse får «støyfølsom side» og ei «stille side» med soverom og som i størst mogleg grad har opphaldsrom som er vendt mot den stille sida, jfr. rettleiar T-1442/2012, vil ikkje dette vere ei berekraftig løysing for leilegheitene. Dette vert grunngjeve med at dersom ein gir fritak frå støyskjerming av balkongane i 2.etg, vil dette kunne få vesentlege negative konsekvensar for bumiljøet til dei nye leilegheitene på eigedomen. Etter ei samla vurdering, finn ein at vilkåra for å gi dispensasjon ikkje vil vere oppfylt når det gjeld fritak for krav om støyskjerming.

Med bakgrunn i ovannemnde vurderer administrasjonen det slik at ein dispensasjon frå reguleringsplan vil tilsidesette føremålet bak føresegna det her vert dispensert frå og formålsparagrafen i plan- og bygningslova. Samla sett vurderer ein det også slik at fordelane ikkje vil vere større enn ulempene ved å gi dispensasjon.

Utviklingsleiaren rår til at tiltakshavar, gjennom ansvarleg føretak, sender inn byggjesøknad i samsvar med godkjend reguleringsplan, og at det blir gjennomført støyskjerming og opparbeiding av leikeplass i samsvar med den reguleringsplanen som ligg føre for eigedomen.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Fosnavåg, 17.03.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

Herøy Kommune
Utviklingsavdelinga
Pb 274
6099 Fosnavåg
Att.:

Fosnavåg, 30.01.14

GNR 37 BNR 381 – HERØY EIGEDOM AS
SØKNAD OM RAMMETILLATELSE FOR TILTAK

Sender inn resterende nabovarsler.

Det er kome inn ein merknad til dispensasjonsøknaden innan fristen, frå Elizabeth Larsen, Svingen 13.
Når det gjeld kommentar til denne viser eg til tidlegare innsendte dispensasjonssøknad. Elles ingen kommentar.

Vennlig hilsen
Prosjektbygg AS



Roar Hatløy
909 41 740
roar@pbygg.no

Vedlegg: Nabovarsler og merknad

Vedlegg nr.
C -



Opplysninger gitt i nabovarsel sendes kommunen sammen med søknaden

(Gjenpart av nabovarsel)

plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 § 21-3

Tiltak på eiendommen:

Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiendommens adresse	Postnr.	Poststed
37	381			Svingen 4 - 6	6092	FOSNAVÅG
Eier/fester				Kommune		
Ingolf Fylling				HERØY KOMMUNE		

Det varsles herved om

<input type="checkbox"/> Nybygg	<input type="checkbox"/> Anlegg	<input type="checkbox"/> Endring av fasade	<input type="checkbox"/> Riving
<input checked="" type="checkbox"/> Påbygg/tilbygg	<input type="checkbox"/> Skilt/reklame	<input type="checkbox"/> Innhegning mot veg	<input type="checkbox"/> Bruksendring
<input type="checkbox"/> Midlertidig bygning, konstruksjon eller anlegg	<input type="checkbox"/> Antennesystem	<input type="checkbox"/> Oppretting/endring av matrikkelenhet (eiendomsdeling) eller bortfeste	<input type="checkbox"/> Annet

Dispensasjon etter plan- og bygningsloven kapittel 19

<input type="checkbox"/> Plan- og bygningsloven med forskrifter	<input checked="" type="checkbox"/> Kommunale vedtekter	<input checked="" type="checkbox"/> Arealplaner	<input type="checkbox"/> Vegloven	Vedlegg nr. B - 1
---	---	---	-----------------------------------	----------------------

Arealdisponering

Sett kryss for gjeldende plan

<input type="checkbox"/> Arealdel av kommuneplan	<input checked="" type="checkbox"/> Reguleringsplan	<input type="checkbox"/> Bebyggelsesplan
--	---	--

Navn på plan

Rådmannen vurderer det slik at vilkåra for å kunne gi dispensasjon er oppfylt i denne saka. Ein vurderer det slik at korkje omsyn bak føresegna det blir dispensert frå eller PBL sin formålsparagraf vil bli vesentleg tilsidesett i denne saka. Fordelane blir vurdert til vere klart større enn ulempene ved å gi dispensasjon etter ei samla vurdering.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

- Arnfinn Karlsen
- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor
- Statens Vegvesen Region Midt

Vedlegg:

- 01 – Søknad om dispensasjon m/vedlegg for oppføring av uthus
- 02 - Dispensasjon frå naturmangfaldslova, Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- 03 - Uttale frå Statens Vegvesen Region Midt, datert 04.04.2014
- 04 - Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 10.04.2014.
- 05 - Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 07.04.2014
- 06 - Oversiktskart over området M 1:30 000

Saksopplysningar:

Herøy kommune har motteke søknad frå Arnfinn Karlsen om dispensasjon frå kommuneplan, byggjeforbodet i 100-metersbeltet og avstandskrava i veglova for oppføring av uthus på gnr 53 bnr 7 «Tonninggarden» i Herøy kommune.

Søknaden gjeld oppføring av eit uthus på 7,8 m x 3.95 m som tilknytning til bygningstiljøet på garden. Uthuset er oppgitt til å vere om lag 3.3 meter høgt.

Uthuset er av eldre karakter og er tenkt flytta i si heilheit frå Kleven i Ulstein kommune. Tiltakshavar har opplyst at han ynskjer at det aktuelle uthuset blir plassert på garden som eit historisk supplement knytt til restaurering og istandsetting av garden. Det er opplyst frå søkjar at uthuset er tenkt som lager/driftsbygning på eigedomen, og at dette bygge vil vere viktig for den framtidige drifta og arbeidet med å setje i stad eigedomen. Plassering av uthuset på eigedomen er tenkt som vist på vedlagt situasjonsplan og med ein avstand på 23 meter til senterlinje fylkesveg.

Statens Vegvesen Region Midt har uttalt at dispensasjon frå avstandskrava på 50 meter i veglova for plassering av uthuset på eigedomen og løyve til utvida bruk av avkøyrsløp vert handsama etter veglova i etterkant av ein evt dispensasjon frå kommuneplan. Slik saka ligg føre finn ikkje Statens vegvesen at grunnlaget er tilstades for å dispensere frå kommuneplanen og rår i frå at det vert dispensert frå arealbruken i kommuneplanen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i tidlegare brev gitt dispensasjon frå naturmangfaldslova for oppføring av uthus, og har uttalt at dei ikkje har vidare merknader til søknaden.

Søre Sunnmøre Landbrukskontor har uttalt at omsøkt tiltak ikkje kjem inn under omgrepet Landbruk Pluss. Eigedomen er svært liten og ein kan ikkje rekne med sjølvstendig drift. Det vil difor ikkje vere naudsynt med bygningar knytt til landbruksdrift. Landbrukskontoret viser til at eigaren likevel har driveplikt på innmarka, men at på denne eigedomen bør den takast i vare ved bortleige. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med dyrka mark og treng ikkje løyve til omdisponering etter Jordlova §9.

Ein har ikkje motteke uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune eller Anleggs- og driftsavdelinga.

Søknad om dispensasjon har vore sendt på høyring til kommunale, regionale og statleg høyringsorgan. Uttalar frå høyringsperioden ligg no føre og saka er klar for behandling etter reglane i plan- og bygningsslova.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen vurderer det slik at vilkåra for å kunne gi dispensasjon er oppfylt i denne saka. Ein vurderer det slik at korkje omsyn bak føresegna det blir dispensert frå eller PBL sin formålsparagraf vil bli vesentleg tilsidesett i denne saka. Fordelane blir vurdert til vere klart større enn ulempene ved å gi dispensasjon etter ei samla vurdering.

Eit uthus av denne historiske karakteren, plassert i tilknytning til eksisterande bygning, vil etter rådmannen si vurdering vere eit positivt element som styrkar det historiske bygningsmiljøet i området ved Tjøråvågen. Restaurering og vedlikehald av bygningar og uteområde på Tonninggarden blir vurdert som svært positivt av omsyn til å ivareta og skjote kulturlandskapet i kommunen.

Sjølv om uthuset ikkje har direkte tilknytning til landbruksdrift, vil det likevel for søkjar vere eit viktig ledd i arbeidet med istandsetting og moglegheiter for framtidig drift av eigedomen.

Av høyringsinstansane er det berre Statens vegvesen som har vesentlege merknader til søknaden. Når det gjeld dei spørsmåla som blir stilt i uttalen frå Statens vegvesen av 04.04.2014, viser rådmannen til uttale frå landbrukskontoret av 10.04.2014 om at eigar har driveplikt på innmark. Slik ein har forstått det legg ikkje søknaden opp til ei endring i eigedomen sin status som landbrukseigedom i eit LNF-område. Rådmannen viser til at det tiltaket det her blir søkt om er eit uthus som vist til i søknaden.

Tiltaket er vurdert til å ikkje kome i konflikt med kulturminne eller element innanfor LNF-formålet i kommuneplanen. Med bakgrunn i ovannemnde ser ikkje rådmannen at det ligg føre vesentlege omsyn som talar i mot å gi dispensasjon i denne saka.

Vilkåra for å kunne gi dispensasjon og løyve til tiltak er difor vurdert til å vere oppfylt.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Fosnavåg, 10.04.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til: Herøy kommune
Herøy kommune
Utvalingsavdelinga
Postboks 27
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:
RÅDMANNEN
Saksbeh.
Motteke:

2014/296
- 7 MARS 2014

Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).

Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Ark.kode P 53/7
Ark.kode S 3
Innr. 3
Dok.nr.
Kassasjon

Eigedom:

Gnr.

53

Bnr.

7

Festenr.

Kort omtale av tiltaket:

Plassering av stakkar 4,5 x 8 meter som vist på
kart og bilde.

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

Frå UTA-området i kommuneplan og byggesaksområdet
100-meter fri strålesone. Dispensasjon frå
avstandshen på 50 meter i reglova.

Grunngeving:

Gjeresteppe det gamle turet på garden.
Arbeider med å selje garden i stund.
Utuset skal vere luge/driftsbesnytt for
bruket. Viktig del for drift av garden

Varsling av naboar/gjenbuvar vedlegg nr.:

Eventuelle teikningar, kart etc. vedlegg nr.:

Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter vedlegg nr.:

Namn Arnfinn Karlsson

Adresse 6070 Trøvig

Postnr. 6070

Postadr.

Telefon 90660438

Mobiltf.

Dato: 7-3-14

Arnfinn Karlsson
signatur

Skriv ut

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

etter plan- og bygningslova § 20-2

Blir det søkt om dispensasjon frå plan- og bygningslova, forskrift eller arealplan? Ja Nei

Er det behov for løyve/samtykke/uttale frå anna myndigheit? Ja Nei

Dersom ja, er ikkje vilkåra oppfylte for 3 veker saksbehandling, jf. pbl § 21-7 andre ledd

Nabovarsling, jf. pbl 21-3, skal vere gjennomført før søknaden blir send til kommunen. (Blankett 5154, 5155, 5156).

Ligg det føre merknader frå naboar eller gjenbuuar? Ja Nei

Dersom nei på alle spørsmåla over, er løyve å sjå på som gitt tre veker etter at fullstendig søknad er motteken i kommunen

Opplysningar gitt i søknaden eller vedlegg til søknaden vil bli registrerte i matrikkelen.

Søknaden gjeld								
Eigedom/ byggjestad	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bustadnr.	Kommune	
	53 7							
	Adresse				Postnr.	Poststad		
					6070	Tjorvåg		
Tiltaket si art	Mindre tiltak til bebygd eigedom, pbl § 20-2 bokstav a) og SAK10 § 3-1							
	<input type="checkbox"/>	Tilbygg < 50 m ²		<input checked="" type="checkbox"/>	Frittliggjande bygning (ikkje bustadformål) < 70 m ²		<input type="checkbox"/>	Skilt/reklame (SAK10 § 3-1 d)
	<input type="checkbox"/>	Antennesystem (SAK10 § 3-1 e)						
	<input type="checkbox"/>	Driftsbygning i landbruket med samla bruksareal (BRA) mindre enn 1000 m ² , jf. pbl § 20-2 bokstav b) og SAK10 § 3-2						
	<input type="checkbox"/>	Mellombels bygning/konstruksjon/anlegg (som ikkje skal plasserast for lengre tidsrom enn 2 år)						
	<input type="checkbox"/>	Bruksendring (frå tilleggsdel til hovuddel innanfor ei brukseining)						
<input type="checkbox"/>	Riving av tiltak som nemnt i SAK10 § 3-1							
	Anna:	Utebued						
	Planlagt bruk/formål	Beskriv Driftebygning						

Arealdisponering							
Planstatus mv.	Set kryss for gjeldande plan						
	<input checked="" type="checkbox"/>	Arealdel av kommuneplan		<input type="checkbox"/>	Reguleringsplan		<input type="checkbox"/>
	Namn på plan						
Areal	BYA eksisterande	BYA nytt	Sum BYA	BRA eksisterande	BRA nytt	Sum BRA	Tomteareal
Grad av utnytting	Vis berekning av grad av utnytting. Rettleiing finst på www.dibk.no eller kontakt kommunen						

Plassering			
Plassering av tiltaket	Kan høgspent kraftlinje vere i konflikt med tiltaket?		<input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei
	Dersom ja, må avklaring med aktuell rettshavar vere dokumentert		Vedlegg nr. Q -
GNJ	Kan vass- og avløpsleidningar vere i konflikt med tiltaket?		<input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei
	Dersom ja, må avklaring med aktuell rettshavar vere dokumentert		Vedlegg nr. Q -
Avstand	Minste avstand til nabogrense	<input type="text"/>	m
	Minste avstand til anna bygning	<input type="text"/>	m
	Minste avstand til midten av veg	23	m
Dette skal visast på situasjonsplanen			



HERØY KOMMUNE
Utviklingsavdelinga

Tiltakshavar	Arnfinn Karlson	Gnr	Bnr
Ansvarleg søkjar	-----	53	1
Adresse	6070 Tjorkvåga		
Saksnr			

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ AVSTANDSKRAVA I VEGLOVA § 29

Minste avstand til senterlinje veg 33..m

Søknad om:

- Nybygg Tilbygg Garasje
 Anna

Avstand til vegtype:

- Fylkesveg (50 meter) Kommunal veg (15 meter)

Kva er eigedomens status i gjeldande arealdel til kommuneplan?

Er saka kommunalt handsama?

- Ja Nei (utskrift av byggesaka skal vedleggast)

Eventuelle andre opplysningar som kan vere relevant for saka
(bruk evt vedlegg):

Plassering av stabbur

Vedlegg som skal følgje søknaden:

- Situasjonsskart mål 1:500 (tiltak skal teiknast inn)
- Oversiktskart i mål 1:5000

Tjorkvåg 10-2-11

Stad / dato

Arnfinn Karlson
underskrift

Søknaden sendast til: Utviklingsavdelinga, Herøy kommune, Pb
274, 6099 Fosnavåg

ei båtlergd bane



STATENS KARTVERK

Se eiendom

05/02 2014



Setknad Arntur Karlson

Gjenpart av nabovarsel

for tiltak etter plan- og bygningslova (PBL)

Vedlegg nr.

C-

Kommunens saksnr.

Til :

HERØY KOMMUNE
POSTBOKS 274
6099 FOSNAVÅG

For oppført eiendom nedanfor er det i henhold til bestemmelser i § 21-3 i plan- og bygningslova av 27.juni 2008 nr.71, sendt følgende nabovarsel:

Tiltak på eiendomen:

Matrikelnr: 1515 - 53/7

Eiendomsadr: Arnfinn Karlson

Eier/fester JOHANNESSEN-JOHN MAGNE

Adresse: KVIEHAUGEN 4 6070
6091 FOSNAVÅG TØRVEG

Kopi av dette dokument utan vedlegg skal sendast til kommunen, samtidig som naboar vert varsla.

Det vert varsla herved om

Søknad om tiltak som krev tillatelse etter plan- og bygningslova § 20-1 og §20-2

- | | | |
|--|---------------------------------------|--|
| <input type="checkbox"/> Nybygg | <input type="checkbox"/> Anlegg | <input type="checkbox"/> Endring av fasade |
| <input type="checkbox"/> Riving | <input type="checkbox"/> Skilt | <input type="checkbox"/> Egedomsdeling eller bortfeste |
| <input type="checkbox"/> Innhegning mot vegg | <input type="checkbox"/> Bruksendring | <input type="checkbox"/> Dispensasjonar |

Anna

beskriv

Oppsetjing av stabbør 4,5 x 8 m

Driftsbygning i landbruket pbl § 81

Dispensasjonar

Mindre byggearbeid

Skilt

Skriv nærmere om kva nabovarselet gjeld

Oppsetjing av eksisterande stabbør/uthus, flytta frå Ulsteinvika

Vedlegg

Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. frå - til	Ikkje relevant
Dispensasjonssøknader	B		<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan	D		<input type="checkbox"/>
Fasadeteikningar og snitt	E		<input type="checkbox"/>
Andre vedlegg	J		<input type="checkbox"/>

Adresser

Søknaden er lagt ut på besøksadresse:

Ansvarleg søker si postadresse:

Eventuelle merknader må vere ihende ansvarleg søker innan 2 veker etter at dette varselet er sendt. (Kopi kan sendes kommunen).

Søknaden kan sjåast hjå kommunen på adresse:

Herøy kommune Rådhuset, 6099 Fosnavåg

Eventuelle merknader må vere ihende kommunen innan 2 veker etter at dette varselet er sendt.

Underskrift

Stad

17-2-14

Dato

1

Underskrift (tiltakshavar eller ansvarleg søker)

Arnfinn Karlson

Kvittering for nabovarsel

Nabovarsel kan enten sendes som rekommandert sending eller overleveres personlig mot kvittering. Ved personlig overlevering vil avkryssing gjelde som bekreftelse på at varselet er mottatt.

Eiendom/byggested

1515 - 53/7

Adresse

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr

1515 - 53/94

Eier/Festers navn

STATENS VEGVESEN REGION MIDT

Eiendomsadresse

Adresse

Postnr

Poststed

Fylkeshuset

6404 MOLDE

Personlig kvittering er mottatt varsel

Dato | Sign.

Varsel er mottatt

Samtykker i tiltaket

Det er per dags dato innlevert rekommandert sending til ovennevnte adressater.

Plass for stempel og signatur

Samlet antall sendinger: _____

Sign.

Kvittering for nabovarsel

Nabovarsel kan enten sendes som rekommandert sending eller overleveres personlig mot kvittering. Ved personlig overlevering vil avkryssing gjelde som bekreftelse på at varselet er mottatt.

Eiendom/byggested

1515 - 53/7

Adresse

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr

1515 - 53/1

Eier/Festers navn

TJERVÅG GEIR

Eiendomsadresse

Adresse

Postnr

Poststed

6070 TJØRVÅG

Personlig kvittering er mottatt varsel

Dato | Sign.

Varsel er mottatt

Samtykker i tiltaket

16/02/14

Geir Tjervåg

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr

1515 - 53/1

Eier/Festers navn

TJERVÅG MARIANNE SISSEL

Eiendomsadresse

Adresse

Postnr

Poststed

6070 TJØRVÅG

Personlig kvittering er mottatt varsel

Dato | Sign.

Varsel er mottatt

Samtykker i tiltaket

16/2

Marianne S. Tjervåg

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr

1515 - 53/9

Eier/Festers navn

SELVÅG SVEIN OSVALD

Eiendomsadresse

Adresse

Postnr

Poststed

6070 TJØRVÅG

Personlig kvittering er mottatt varsel

Dato | Sign.

Varsel er mottatt

Samtykker i tiltaket

12.02.2014

S. Selvig

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr

1515 - 53/88

Eier/Festers navn

TJERVAAG ARNE

Eiendomsadresse

Adresse

Postnr

Poststed

6070 TJØRVÅG

Personlig kvittering er mottatt varsel

Dato | Sign.

Varsel er mottatt

Samtykker i tiltaket

12/2-14

Arne Tjervåg

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr

1515 - 53/94

Eier/Festers navn

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Eiendomsadresse

Adresse

Postnr

Poststed

6412 MOLDE

Personlig kvittering er mottatt varsel

Dato | Sign.

Varsel er mottatt

Samtykker i tiltaket

Det er per dags dato innlevert rekommandert sending til ovennevnte adressater.

Plass for stempel og signatur

Samlet antall sendinger: _____

Sign.







Statens vegvesen

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE	
RÅDMANNEN	
2014/296	Saksbeh. AZT
- 4 APR. 2014	
Ark.kode P	53/7
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 7
Kassasjon	

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:
2014/031305-002

Dykkar referanse:
2014/296

Vår dato:
03.04.2014

Fv 654 - Herøy kommune - Gnr. 53 bnr. 7 - Oppføring av uthus - Dispensasjon frå LNF-område i kommuneplanens arealdel - Uttale

Viser til brev av 10.3.2014 frå Herøy kommune.

Gjennom brevet her tek vi opp til drøfting og uttale den delen av saka som gjeld dispensasjon frå arealbruken i kommuneplanen. Dispensasjon frå byggegrensa langs fylkesvegen vert å ta opp til handsaming i eiga saka etter veglova i etterkant av eventuell dispensasjon frå kommuneplanen. Og elles må eventuell endra og utvida bruk av avkøyrsla handsamast og avklarast etter veglova.

Utifrå dokumenta i saka vurderer vi søknaden noko mangelfull og uklar i høve til opplysningar om framtidig bruk og aktivitet i tilknytning til bygget/eigedomen. Etter det vi forstår er det på den delen av eigedomen det vert søkt å plassere bygget på – på nordaustsida av fylkesvegen – ikkje særleg drift og huset som står der frå gammalt vert ikkje brukt til bustad. Er planlagd arealbruk på omsøkte del av eigedomen knytt til stadbunden næring og vil framtidig drift/aktivitet innebere endra og utvida bruk av avkøyrsla frå fylkesvegen?

Som kjent står det i § 19-2- i plan- og bygningslova slik: ”Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering”.

Slik saka ligg føre finn vi ikkje at det er grunnlag til stades for å dispensere frå kommuneplanen, basert på § 19-2 i plan- og bygningslova.

Statens vegvesen rår etter dette ifrå at det vert dispensert frå arealbruken i kommuneplanen.

Plan- og trafikkseksjonen

Med helsing


Ole Jan Tønnesen
seksjonsleiar


Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen
Fylkesmannen

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Søre Sunnmøre landbrukskontor

Saksnr
2014/296

Arkivkode
53/7

Dato
10.04.2014

LANDBRUKSFAGLEG UTTALE TIL SØKNAD FRÅ ARNFINN KARLSEN OM OPPFØRING AV UTHUS PÅ 53/7

Søknaden gjeld oppføring av eit eldre uthus på 36 m². Søkjar opplyser at uthuset skal nyttast til lager/ driftsbygning.

Søknaden er vurdert ut frå omgrepet LandbrukPluss som gjeld bygningar som er naudsynt for drifta på bruket, og for omdisponering av dyrka mark jmf. Jordlova §9.

Eigedomen har ut frå gardskartet slik arealfordeling: 3,8 dekar overflatedyrka mark, 20,4 dekar skog og 231,7 dekar. Totalt areal er 255,9 dekar.

Vurdering og konklusjon:


Omsøkt tiltak kjem ikkje inn under omgrepet Landbruk Pluss. Eigedomen er svært liten og ein kan ikkje rekne med sjølvstendig drift. Det vil difor ikkje vere naudsynt med bygningar knytt til landbruksdrift.

Eigaren har likevel driveplikt på innmarka, men på denne eigedomen bør den takast i vare ved bortleige.

Tiltaket kjem ikkje i konflikt med dyrka mark og treng ikkje løyve til omdisponering etter Jordlova §9.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg



0 5 10 15m

Målestokk 1 : 500 ved A4 utskrift
Utskriftsdato: 09.04.2014

GÅRDSKART 1515-53/7
Tilknyttede grunneiendommer:
53/7



Markslag (AR5) 13 klasser
TEGNFORKLARING

	Fulldyrka jord
	Overflatedyrka jord
	Innmarksbeite
	Skog av sær høg bonitet
	Skog av høg bonitet
	Skog av middels bonitet
	Skog av lav bonitet
	Uproduktiv skog
	Myr
	Åpen jorddekt fastmark
	Åpen grunnlendt fastmark
	Bebyggd, samf, vann, bre
	Ikke klassifisert
Sum:	

AREALTALL (DEKAR)

	0.0	
	3.8	
	0.0	3.8
	0.0	
	7.5	
	10.2	
	0.0	
	2.7	20.4
	12.0	
	205.9	
	13.6	231.5
	0.2	
	0.0	0.2
Sum:	255.9	255.9

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

Arealressursgrenser

Eiendomsgrenser



Arnfinn Karlsen

6070 TJØRVÅG

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2014/296	Saksbet. AZX
- 4 MARS 2014	
Ark kode P	53/7
Ark kode S	
J.nr.	Dok.nr. 4
Kassasjon	

Tjørvgåosen naturreservat, Herøy - dispensasjon for oppsetting av stabbur på Tonninggarden gnr53 bnr7

Fylkesmannen viser til mailar av 10.02. og 25.02.2014 der det blir søkt om å flytte eit stabbur til Tonninggarden i Tjørvgåosen naturreservat. Stabburet er ca. 8 meter x 4,5 meter i ein etasje med saltak, og er oppført i bindingsverk med liggande bordkledning.

Tjørvgåosen naturreservat vart freda gjennom Kongeleg resolusjon av 08.11.2002 med føremålet «å ta vare på ein vågos,- som den einaste på ytre Sunnmøre i verneplanen. Området har verdi som eit regionalt typeområde, der eit lite kystvassdrag renn ut i ein grunn våg og dannar ein gradvis overgang mellom elva og sjøen.».

Verneforskrifta § 3, 3, fastslår at «Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, utføring av kloakk eller tilførsel av konsentrert forureining, tømning av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Oppstillinga er ikkje fullstendig.»

Det er ingen heimel i verneforskrifta for å kunne tillate oppsett av stabbur. Søknaden må difor behandlast som ein dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48, der 1. ledd lyder slik: «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig».

Fylkesmannen kjenner godt til området gjennom fleire synfaringar hausten 2013 og januar 2014, og har grunnlag for å behandle tiltaket etter naturmangfaldlova § 48 og prinsippa i §§ 8-12, jf. § 7:

§ 8 - Kunnskapsgrunnlaget

Stabburet er søkt plassert på dyrka mark og tunareal inntil hovudhuset heilt sør i reservatet. Her er ingen av dei strandengareala som reservatet skal verne. Plasseringa ligg også innafør det arealet fylkesmannen har foreslått å ta ut av naturreservatet gjennom grenseendring.

Ut frå det føreliggande kunnskapsgrunnlaget strir ikkje tiltaket mot verneføremålet eller påverkar verneverdiane nemneverdig, og vi ser det som forsvarleg å gjennomføre det.

§ 9 – Føre-var prinsippet

Fylkesmannen finn ikkje grunnlag for å bruke dette. Kunnskapsgrunnlaget er så godt at det ikkje trengst å ta høgde for ytterlegare verknad.

§ 10 – Samla belastning

Tjørvågosen naturreservat er delvis påverka av tidlegare inngrep og køyring. Det er viktig at det ikkje oppstår skade eller anna tap av verneverdiar. Ut frå at oppsetting av stabburet ikkje vil påføre påverke verneverdiane, vil ikkje dette auke den samla belastninga på Tjørvågosen naturreservat.

§ 11 – Kostnadene ved miljøforringing

Dersom det skulle oppstå skader på naturmangfaldet eller fare for dette, kan forvaltningsstyresmakta pålegge Arnfinn Karlsen ytterlegare tiltak.

§ 12 – Miljøforsvarlege driftsmåtar

Stabburet er søkt plassert på eksisterande tunareal, og plasseringa er gunstig i høve til verneverdiane i Tjørvågosen naturreservat.

Konklusjon

Samla sett meiner Fylkesmannen at oppsetting av stabburet ikkje vil stride mot verneføremålet eller påverke verneverdiane nemneverdig. Vi gjev med dette dispensasjon for oppsetting av stabbur i samsvar med søknaden, jf. naturmangfaldlova § 48, 1. ledd. Vi føreset at det blir gjevne naudsynte løyve etter anna lovverk som t.d. plan- og bygningslova, jf. § 48, 3. ledd.

Dette vedtaket kan påklagast til Miljødirektoratet innan 3 veker i samsvar med forvaltningslova § 28 ff. Evt. klage skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
fagsjef

Ola Betten

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Møre og Romsdal fylkeskommune	kulturavdelinga, her		
Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Statens naturoppsyn	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM



LOKALISERING AV TILTAKET

**Herøy
kommune**

Grunnkart
Målestokk: 1:30 000
Dato 10.03.2014


900 m

Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen.
Ellers står ikke kommunen ansvarlig.





Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr.	Saksbeh.
- 7 APR. 2014	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Herøy kommune
Oppføring av uthus på Tonningarden gnr57 bnr3 - Arnfinn Karlsen
Fråsegn til dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen viser til vedtak den 27.02.2014 der det vart gjeve løyve etter verneforskrifta for Tjørvågosen naturreservat, jfr. naturmangfaldlova § 48, 1. ledd, og har elles ut frå sine ansvarsområde, ingen merknader til søknaden.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Astrid Buset
overingeniør

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2014/255
		Arkiv:	50/3

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
46/14	Maritim og teknisk komite	29.04.2014

**JOVEIG DJUPVIK 50/3 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ
KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ FRÅDELING AV TILLEGGSAREAL TIL
50/13.**

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite vedtek at det i medhald av PBL § 19-2 vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen med sikte på frådeling av eit areal på om lag 2,5 da frå gnr. 50 bnr. 3 ved Aspevikvatnet på Gurskøy. Det vert samstundes gjeve samtykke til frådeling i medhald av § 12 i jordlova.

Dispensasjonen er grunngeven med behovet for å bygge på og oppgradere Stemmedal Vasslag SA sitt renseanlegg i området samt at frådelinga gjeld eit marginalt areal som ikkje vil føre til ulempe for landbruksdrifta i området.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy

Joveig Djupvik, Kalvenes, 6070 Tjørvåg

Stemmedal Vasslag SA v/Arild Moldskred, 6070 Tjørvåg

Vedlegg:

Kopi av frådellingssøknad frå Joveig Djupvik, datert 29.01.2014.

Kopi av uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 02.04.2014.

Kopi av uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 24.03.2014.

Utsnitt av ortofoto i M 1:1000 som viser omsøkt frådelling.

Utsnitt av kommuneplanen i M 1:30000 med påført lokalisering av tiltaket.

Saksopplysningar:**BAKGRUNN:**

Joveig Djupvik har med utfylt søknadsskjema, datert 29.01.2014, søkt om frådelling av eit areal frå gnr. 50 bnr. 3. Arealet er tenkt overført til Stemmedal Vasslag SA som tillegg til deira eksisterande eigedom, gnr. 50 bnr. 13. Med tilvising til at det omsøkte tiltaket også er avhengig av dispensasjon frå kommuneplanen har saka, på vanleg måte og med brev av 19.02.2014, vore sendt aktuelle høyringsinstansar til uttale.

Med unntak av Fylkeskommunen har ein no motteke uttale frå alle tilskrivne høyringspartar. Når det gjeld Fylkeskommunen så har dei frå 01.03.2014 innført ein ny praksis der dei ikkje gir uttale til saker dei ikkje har merknader til. Dei oppsummerar sitt rundskriv av 12.02.2014 som følgjer: «*Saker vi ikkje har merknader til, vert avskrive utan brev ut. Det inneber at kommunen, dersom brev ikkje er motteke innan utgangen av fristen, kan gjere vedtak med tilvising til at vi ikkje har merknader*». Sidan høyringsfristen var 04.04.2014 er saka såleis no klar for politisk sluttbehandling.

SØKNADEN OG SØKNADSPROESSEN:

Dei omsøkte arealet er på om lag 2,5 da og ligg like sør for Aspevikvatnet i Tjørvåg. Stemmedal Vasslag SA sitt renseanlegg er etablert på gnr. 50 bnr. 13 og formålet med tiltaket er no å legge til rette for ei vidare utbygging/utvikling av dette.

Det ligg føre uttalar frå følgjande høyringsorgan:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 02.04.2014

Fylkesmannen uttalar at han ut frå sine ansvarsområde ikkje har vesentlege merknader til dispensasjonssøknaden.

Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor av 24.03.2014

Landbrukskontoret uttalar at det aktuelle arealet er marginalt for eigedomen og at ei frådelling ikkje vil føre til noko ulempe for landbruksdrifta i området. Det vert såleis konkludert med å tilrå at det vert gjeve løyve til frådelling som omsøkt.

Vurdering og konklusjon:

Det omsøkte tiltaket ligg like sør for Aspevikvatnet i Tjørvåg og i tilknytning til Stemmedal Vasslag SA (gnr. 50 bnr. 13) sitt renseanlegg. Vasslaget har for tida betydelege utbyggingar på gang, her under også ei utviding av renseanlegget. Tilleggsarealet er naudsynt for gjennomføring av sistnemnde tiltak.

Tiltaket ligg elles i område som i kommuneplanen er avsett til LNF-formål og ei frådeling vil såleis vere avhengig av ein dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen. I tillegg til dette må det vidare gjevast samtykke til frådeling i medhald av jordlova § 12.

Alle uttaleorgana er positive til søknaden, her under også Fylkeskommunen, som gjennom sin nye praksis lar vere å sende uttale til saker dei ikkje har merknader til. Frå kommunen si side er ein ikkje kjend med at det aktuelle området inneheld spesielle artar eller naturtyper som det må takast omsyn til og tiltaket vert heller ikkje vurdert til å innebere nokon annan risiko for alvorleg eller irreversibel skade eller utsette økosystemet for ei urimeleg samla belastning, jfr. prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8-10.

Etter rådmannen sitt syn vil difor ein dispensasjon korkje tilsidesetje dei omsyna det vert dispensert frå eller formålsbestemmelsen i lova. Fordelane ved å gi dispensasjon vert såleis vurdert som større enn ulempene.

Konsekvensar for folkehelse:

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for beredskapen i området.

Konsekvensar for drift:

Det omsøkte tiltaket vert heller ikkje vurdert til å ha særskilde driftskonsekvensar.

Fosnavåg, 07.04.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten

Søknad om deling og eller rekvisisjon av oppmålingsforretning

Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 93, 1. ledd, bokstav h - jf. pbl kap. XI og XII og lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfylt. Ved plassmangel, lag eige vedlegg.

Søknaden skal sendast:

Herøy kommune, Postboks 274 6099 FOSNAVÅG

Plass for kommunens sitt stempel	
HERØY KOMMUNE	
RADMANNEN	
Reg. nr.	Saksbeh. HR
5 FEB. 2014	
Ark. kode P	
Ark. kode S	
J. nr.	Dok. nr.
Kassasjon	

1. Sakstype – rekvisisjon (sjå rettleiing s.4):

- I. Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning ved oppretting eller endring av matrikkeleining (PBL§93).
- II. Utsetjing av oppmålingsforretning. Søkjar er ansvarleg for å rekvirere oppmålingsforretning innan 3 år, før delingsløyvet går ut. Jf. §96 pbl.
- III. Rekvisisjon i medhald av matrikkellova kap. 3 og 7 (pkt. 1-3 og 10-12 skal fyllast ut)

2. Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom(ar):

Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar):
50	3			JOVEIG DJUPVIK
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar):
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar):
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar):

3a. Søknaden gjeld:

3b. Rekvisisjonen gjeld:

<p><input checked="" type="checkbox"/> Deling og oppmålingsforretning av:</p> <p><input checked="" type="checkbox"/> Ny grunneigedom</p> <p><input type="checkbox"/> Anleggseigedom</p> <p><input type="checkbox"/> Anna: (spesifiser) _____</p> <p><input type="checkbox"/> Arealoverføring (hugs skjema: <i>Erklæring om arealoverføring.</i>)</p> <p><input type="checkbox"/> Oppretting av festetomt</p> <p><input type="checkbox"/> Oppretting av punktbeste</p> <p><input type="checkbox"/> Anna: (spesifiser) _____</p> <p><input type="checkbox"/> Dispensasjon (disp.søknad skal grunngjevast, eige ark/skjema)</p>	<p><input type="checkbox"/> Grensejustering (matrikkelforskr. § 34)</p> <p><input type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grenser (matrikkelforskr. § 36)</p> <p><input type="checkbox"/> Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (matrikkelforskr. §31)</p> <p><input type="checkbox"/> Registering av uregistret jordsameige (matrikkelforskr. § 32)</p> <p><input type="checkbox"/> Uteareal til eigarseksjon (jf. Eigarseksjon § 7, matrikkelforskr. § 35)</p>
--	---

Etter valt sakstype D, gå til punkt 10.

4. Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr:	Areal (ca areal)	Formål (bustad, fritid, næring, anna)	Sjølvtendig brukseining	Tilleggsparsell	Tilleggsparsell til gnr/bnr.
1	2,5	Næring	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Gnr. 50 Bnr. 13
2	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
3	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
4	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
5	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
6	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.

5. Arealdisponering

Kommuneplan Kommunedelplan Reguleringsplan(område/detalj) Bebyggelsesplan

Namn på plan:

Vis utrekna grad av utnyting etter gjeldande regulering for ny parsell Vis utrekna grad av utnyting etter gjeldande regulering for restparsell

6. Rasfare, flaum, grunn- og miljøtilhøve.

Ligg det føre tilstrekkelig tryggleik mot rasfare, flaum, grunntilhøve og miljøtilhøve? Jf.pbl § 68.

Ja Nei (Viss nei, må kompensierende tiltak forklarast i eige vedlegg.)

7. Avstandar

Går det høgspent kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand: m

Dersom ja, må ein leggje ved ei nærare utgreiing/avklaring med leidningseigar om dette

Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand: m

8. Tilkomst - jf. pbl § 66 nr. 1 og veglova §§ 40-43

Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?

Riksveg Fylkesveg Kommunal veg Privat veg

Ny avkøyrsløse eller utvida bruk av eksisterande?

Dersom delinga føreset vegrett over privat grunn, må dokumentasjon om dette leggast ved.

Ny avkøyrsløse frå offentlig veg (avkøyrsløse og ny veg skal visast på situasjonskartet)

Utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse

Er løyve til avkøyrsløse gitt? Ja Nei

9. Vassforsyning/avløp - jf. pbl §§ 65 og 66

Offentleg vassverk: Ja Nei

Viss privat felles løysing må løyve for tilknytning og naudsynt vedlikehald på anlegget leggast ved.

Offentleg avløpsanlegg: Ja Nei

Privat vassverk: Ja Nei

Dersom det ikkje tidlegare er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggast ved denne søknaden.

Privat avløpsanlegg: Ja Nei

10. Vedlegg

Vedl. nr.: Forklaring _____ Utvida liste over heimshavar/rekvirentliste

_____ Kart/situasjonsplan _____ Fråsegn, samtykkje, løyve

Legg ved evt. tilleggsopplysningar som kan opplyse saka.

_____ Gjenpart av nabovarsel _____ Private bruksrettar (servituttar)

_____ Dispensasjonssøknad _____ Andre vedlegg:

11. Andre opplysningar

12. Underskrift av heimshavar/rekvirent

Dato _____ Rekvirenten sitt namn (med blokkbokstavar)

Rekvirenten si underskrift

29/1 2014, JOVEIG DJUPVIK

Joveig Djupvik

Adresse KALVENES

Postnr/stad 6070 Tjønå

E-postadresse

Telefon 91562147

13. Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av

Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fylt ut, vil faktura verte sendt rekvirent)


Dato 23/1-2014 Betalar sitt namn med blokkbokstavar

Betalar si underskrift

STEMMEDAL VASSLAG SA

Postnr/stad

6070 Tjønå





Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Herøy kommune
Frådeling gnr50 bnr3 - tilleggsareal til gnr50 bnr13 - Joveig Djupvik
Fråsegn til dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen vesentlege merknader.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Astrid Buset
overingeniør

Kopi:
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Søre Sunnmøre landbrukskontor

Saksnr
2014/255

Arkivkode
50/3

Dato
24.03.2014

LANDBRUKSFAGLEG UTTALE TIL SØKNAD OM FRÅDELING GNR 50 BNR 3 TILHØYRANDE JOVEIG DJUPVIK

Samandrag av saka:

Søknaden gjeld frådeling av om lag 2,5 dekar med arealklasse open jorddekt fastmark. Arealet skal leggjast til eigedomen til Stemmedalen Vasslag SA som eig gnr 50 bnr 13. Eigedomane ligg i LNF område og det trengs vedtak om deling etter jordlova §12.

Saksopplysningar:

Etter opplysningar frå www.skogoglandskap.no har eigedomen følgjande areal: Samla areal på innmark er 11,6 dekar der 5,9 dekar er overflatedyrka jord og 5,7 dekar er innmarksbeite. Anna areal utgjør 26,7 dekar. Totalt areal på eigedomen er 38,3 dekar.

Utdrag av § 12 i jordlova – deling.

Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter § 9.

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.

Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.

Vurdering og konklusjon:

Eigedomen er marginal som sjølvstendig landbrukseigedom, men vert nytta som tilleggsjord av ein annan gardbrukar.

Arealet som er søkt frådelt er marginalt for eigedomen og ei frådelling vil ikkje føre til nokon ulempe for landbruksdrifta i området.

Framlegg til vedtak etter jordlova:

Maritim og teknisk komite gir løyve til frådelling av om lag 2,5 dekar frå gnr 50 bnr 3 som omsøkt, jmf. Jordlova § 12.

Grunngjeving er ut frå at delinga gjeld eit marginalt areal for eigedomen og at det ikkje vil føre til ulempe for landbruket.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg



ØMSØKT TILLEGGS- AREAL TIL 50/13





LOKALISERING AV TILTAKET





Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2014/297
		Arkiv:	53/12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
47/14	Maritim og teknisk komite	29.04.2014

ARVID WISTH 53/12 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ FRÅDELING AV PARSELL SOM TILLEGGSAREAL TIL 53/47.

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og frå deleforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL §§ 19-2 og 1-8, med sikte på frådeling av om lag 1000 m2 frå gnr. 53 bnr. 12 i Tjørvåg i Herøy og tillagt gnr. 53 bnr. 47 som tilleggsareal. Det vert samstundes gjeve samtykke til frådeling i medhald av jordlova § 12.

Grunngjevinga for dispensasjonen er at tiltaket i praksis berre vil stadfeste dagens arealbruk og at delinga ikkje vil føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruksdrifta i området.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Statens Vegvesen Region Midt, Fylkeshuset, 6404 Molde

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy

Arvid Wisth, Geileplassen 4, 6060 Hareid

Bjørn Wisth, 6070 Tjørvåg

Vedlegg:

Kopi av dispensasjonssøknad frå Bjørn Wisth, datert 07.02.2014, og delesøknad frå Arvid Wisth, datert 30.01.2014.

Kopi av uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 02.04.2014.

Kopi av uttale frå Statens Vegvesen Region Midt, datert 23.03.2014.

Kopi av uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 04.04.2014.

Ortofoto i M 1:500 som viser lokalisering av omsøkt tiltak.

Utsnitt frå kommuneplanen i M 1:30000.

Saksopplysningar:**BAKGRUNN:**

Bjørn Wisth har med utfylt søknadsskjema, datert 07.02.2014, søkt om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte frådeling av eit areal på om lag 1000 m² frå gnr. 53 bnr. 12 i Tjørvåg. Det omsøkte arealet er lokalisert kring Bjørn Wisth si eksisterande bebygde bustadtomt. Grunneigaren Arvid Wisth (bror til Bjørn Wisth) har samstundes sendt inn delesøknad, datert 30.01.2014, for det aktuelle arealet. Den frådelte parsellen skal nyttast som tilleggsareal til/arrondering av den nemnde bustadtomta.

Søknaden vart på vanleg måte sendt aktuelle høyringsinstansar med brev av av 19.02.2014. Med unntak av Fylkeskommunen har ein no motteke uttale frå alle tilskrivne høyringspartar.

Når det gjeld Fylkeskommunen så har dei frå 01.03.2014 innført ein ny praksis der dei ikkje gir uttale til saker dei ikkje har merknader til. Dei oppsummerar sitt rundskriv av 12.02.2014 som følgjer: «*Saker vi ikkje har merknader til, vert avskrive utan brev ut. Det inneber at kommunen, dersom brev ikkje er motteke innan utgangen av fristen, kan gjere vedtak med tilvising til at vi ikkje har merknader*». Sidan høyringsfristen var 04.04.2014 er saka såleis no klar for politisk sluttbehandling.

SØKNADEN OG SØKNADSPROSESSEN:

Det omsøkte tiltaket ligg mellom FV 654 og sjøen i indre del av Tjørvåg. Eksisterande bustadtomt har tilkomst frå fylkesvegen og tiltaket vil ikkje endre noko på dette forholdet. I det aktuelle området er det i tillegg 3 naust.

I søknaden vert det opplyst at tidlegare eigar av gnr. 53 bnr. 12, Arnold Stenersen, har testamentert eigedomen til noverande eigar, Arvid Wisth. Samstundes er det i testamentet forutsett at eigar av gnr. 53 bnr. 47, Bjørn Wisth, skal får si opprinnelege tomt utvida til å omfatte det som faktisk er inngjerda som bustadareal.

Saka vart sendt på høyring til aktuelle instansar med brev av 19.02.2014. Det ligg føre uttalar frå følgjande instansar:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Statens Vegvesen Region Midt
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 02.04.2014

Fylkesmannen har ingen ting å merke til ei frådelling av den delen av tomta som er opparbeidd til hage nord for bustaden. Når det gjeld området mot sjøen så rår imidlertid Fylkesmannen frå at det vert gjeve frådelling. Dette med tilvising til at Fylkesmannen meiner at deler av området her er registrert som badeplass og at ei frådelling mot sjøen vil føre til ei ytterlegare privatisering av neset.

Uttale frå Statens Vegvesen Region Midt av 23.03.2014

Statens Vegvesen uttalar at dei ikkje har merknader til at det vert dispensert frå kommuneplanen som omsøkt.

Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor av 04.04.2014

Landbrukskontoret uttalar at eigeidomen er marginal som sjølvstendig landbrukseigedom og at arealet som er søkt frådelt, ikkje vil gå ut over den dyrka marka. Tiltaket vil etter Landbrukskontoret sitt syn ikkje føre til auka drifts- eller miljømessige ulemper for landbruksdrifta i området og dei tilrår på dette grunnlag at det vert gjeve løyve til frådelling.

Vurdering og konklusjon:

Gnr. 53 bnr. 47 har i dag eit areal på om lag 500 m². Med omsøkt tillegg vil den utvida tomta få eit areal på om lag 1500 m². Av ortofoto går det rimeleg klart fram at omsøkte tilleggsareal saman med eksisterande bustadtomt har vore nytta som samanhengande bustadareal i tråd med det som går fram av testamentet og den no innsende dele-/dispensasjonssøknaden.

Tiltaket er lokalisert i eit område som i kommuneplanen er avsett til LNF-formål, noko som krev dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen, jfr. PBL § 19-2. Nærleiken til sjøen tilseier vidare at det her også må gjevast dispensasjon frå deleforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL § 1-8. I tillegg må det gjevast samtykke til frådelling i medhald av jordlova § 12.

Med unntak av Fylkesmannen er alle uttaleorgana positiv til søknaden. Dette inkluderar også Fylkeskommunen som gjennom sin nye praksis lar vere å sende uttale til saker dei ikkje har merknader til.

Med tilvising til uttalen frå Fylkesmannen har ein vore på synfaring i det aktuelle området. Det kan i denne samheng stadfestast at det ikkje er nokon badeplass i området og heller ikkje noko areal som eignar seg til eit slikt formål. Frå bustadhuset skrånar terrenget med innslag av berg/fjell bratt ned mot fjøra og området er såleis, slik det i dag framstår, ikkje egna for ålment bruk. Tiltaket vert heller ikkje vurdert til å innebere nokon annan risiko for alvorleg eller irreversibel skade eller utsette økosystemet for ei urimeleg samla belastning, jfr. prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8-10.

Etter rådmannen sitt syn vil difor ein dispensasjon korkje tilsidesetje dei omsyna det i tilfelle vert dispensert frå eller formålsbestemmelsen i lova. Fordelande ved å gi dispensasjon vert såleis vurdert som større enn ulempene.

Konsekvensar for folkehelse:

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for beredskapen i området.

Konsekvensar for drift:

Det omsøkte tiltaket vert heller ikkje vurdert til å ha særskilde driftskonsekvensar.

Fosnavåg, 07.04.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten

Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:
Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:

Motteke:

Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).

Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom:

Gnr.

53

Bnr.

12

Festnr.

Kort omtale av tiltaket:

Arealet er i dag brukt som leiesladformål, etter testament frå
Arnold Økenrøen. Tilleggsareal for Gnr. 53 Bnr. 47

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

Kommuneplan - LAF

Grunngjeving:

Testament
Varsling av naboar/gjenbuarar vedlegg nr.:

Eventuelle teikningar, kart etc. vedlegg nr.:

Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter vedlegg nr.:

Namn

Bjørn Wisth, Tjovip

Adresse

Postnr.

6070

Postadr.

Telefon

50084218

Mobiltf.

91584090

Dato:

07.02.2014

signatur

Bjørn Wisth

Skriv ut

Bekreftet kopi
Avdelingskontor
ADVOKAT S.-J. BOSTAD
Boks 237, 6090 FOSNAVÅG
Tlf. 070-88360

T E S T A M E N T

Undertegnede, Arnold Stenersen, født 24.05.1910, som ikke har livsarvinger, erklærer herved som min siste vilje:

1. Min eiendom Naustberget gnr. 53, bnr. 12, med våningshus og uthus, skal uten vederlag tilfalle Arvid Wisth og hans sønn Geir Ole Wisth. Bjørn Wisth skal ha sin opprinnelige tomt utvidet til å omfatte det som nå er innegjerdet.
2. Penger som er liggende i kontanter eller er innestående i banker, skal fordeles på følgende måte: Femti tusen kroner skal brukes til nytt tak på våningshuset, eller settes tilside til dette formål. Et passende beløp må også settes tilside for vedlikehold av familiegraver i Tjørvåg.
3. Det som måtte bli igjen av penger etter at alle utgifter er betalt, skal fordeles likt mellom mine nieser og nevøer; Bjørn Wisth, Arvid Wisth, Elsie Giske, Ingeborg Utness, Anna Sæther og Petter Naustbogen.
4. Når det gjelder innboet, suvenirer etc., så skal Merete Wisth og Sølvi Wisth ha første rett til å ta det de ønsker. Resten kan selges. Marie Stenersen kan bo i våningshuset på livstid.
5. Jeg oppnevner samtidig advokat Sindre-Jacob Bostad, Fosnavåg, til testamentsfullbyrder.

Fosnavåg 7. januar 1992

Arnold Stenersen
Arnold Stenersen

Som særskilt tilkalte vitner bekrefter vi at dette testament i dag, mens vi begge var tilstede samtidig, ble undertegnet av Arnold Stenersen. Vi underskriver etter testators ønske mens han selv er tilstede, liksom vi bekrefter at han hele tiden har hatt full normal dømmekraft.

Kristin H. Sævik
Kristin H. Sævik
f. 20.12.65

Sindre-Jacob Bostad
Sindre-Jacob Bostad
Adv.

Rekvisisjon av kartforretning

Søknad om deling av grunneiendom

jf. kap 2 og 3 i delingsloven av 23. juni 1978 med tilhørende forskrifter og §§ 63 og 66 i plan- og bygningsloven av 14. juni 1985

Journalnummer

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2014/297	Saksbeh. AR
- 7 FEB. 2014	
Ark.kode P	53/12
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Til oppmålingsmyndigheten i:

Herøy
6090 Fosnavåg

Rekvisisjonen/søknaden gjelder

Eiendom før deling	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.
	53	12		
Bruksnavn/adresse				
Det rekvireres/søkes om	Kartforretning over:			
	<input type="checkbox"/> A - hele grunneiendommen uten deling <input type="checkbox"/> B - festegrunn <input type="checkbox"/> C - enkelte grenselinjer, -justeringer <input type="checkbox"/> D Grensepåvisning etter målebrev <input checked="" type="checkbox"/> E Deling av grunneiendom med kartforretning over parsell <input type="checkbox"/> Annet:			
Deling i hht pbl § 63	<input type="checkbox"/> Reguleringsplan <input type="checkbox"/> Bebyggelsesplan <input type="checkbox"/> Godkjent tomtedelingsplan <input checked="" type="checkbox"/> Privat forslag			
Søknad om dispensasjon	- jf. pbl § 7, fra bestemmelser i: <input checked="" type="checkbox"/> plan- og bygningslov <input type="checkbox"/> forskrift <input type="checkbox"/> vedtekt <input type="checkbox"/> kommuneplan <input type="checkbox"/> reguleringsplan <input type="checkbox"/> bebyggelsesplan			

Arealoppgave i daa (for landbruksmyndigheten og Statistisk Sentralbyrå)

Eiendommen FØR deling/bortfesting	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
	Fulldyrka areal	Overflate-dyrka areal	Produktiv barskog	Produktiv lauvskog	Annet skog-areal	Myr	Annet ubebygd areal	Bebyggd areal	Sum areal	Dyrkbart (2-7)
Gnr., bnr., festenr.										
Areal som ønskes fradelt/bortfestet (i alt)							*			

* jf 7 - beskriv arealet

Andre opplysninger og underskrift

Andre opplysninger (f. eks. andre rettighets-havere av betydning)	Arealet skal nyttast som tilleggsareal til gnr. 53 bnr. 47									
Hjemmels-haver(e)	Navn Arvid Wisth									Telefon
	Adresse Geileplassen 4						Postnr. 6060	Poststed Hareid		
Underskrift	Sted Volda			Dato 30.01.14			Underskrift Arvid Wisth			

OPPLYSNINGER TIL REKVISISJON/SØKNAD - fylles ut av søker

Nabooppgave

Det må legges ved kart/orienterende riss og andre dokumenter som viser grenser og naboforhold. Nabooppgaven nedenfor må fylles ut. Ved søknad om deling må det legges ved gjenpart av nabovarsel og kvittering for at varsel er gitt/sendt.


Gnr.	Bnr.	Festenr.	Eiers/festers navn og adresse
53	12		Eigen
53	47		Bjørn Wist, 6070 Tjørvåg
53	3		Marie Hasund, Hasundvegen 102, 6065 Ulsteinvik
53	3		Anna O. Martinsen Olsokveien 34 B, 1727 Sarpsborg
53	94		Statens Vegvesen, Bjørnstjerne Bjørnsons veg 6, 6412 Molde

Parsell(er) det er søkt fradeling for

Parsell(en) skal benyttes til	<input type="checkbox"/> Selvstendig bruksenhet	<input checked="" type="checkbox"/> Tilleggsareal til:	Gnr./bnr. gnr. 53 bnr
	<input checked="" type="checkbox"/> Bolighus	<input type="checkbox"/> Offentlig virksomhet	<input type="checkbox"/> Offentlig friluftsområde
	<input type="checkbox"/> Fritidshus	<input type="checkbox"/> Landbruk/fiske	<input type="checkbox"/> Offentlig veg
	<input type="checkbox"/> Industri/bergverk	<input type="checkbox"/> Naturvern	<input type="checkbox"/> Annet kommunikasjonsareal/tekn. anlegg
	<input type="checkbox"/> Varehandel/bank/forsikring/hotell/restaurant		
Atkomst pbl § 66.1 vegloven §§ 40-43	<input type="checkbox"/> Riks-/fylkesveg	<input type="checkbox"/> Kommunal veg	<input type="checkbox"/> Privat veg
	<input type="checkbox"/> Ny avkjørsel fra offentlig veg	<input type="checkbox"/> Utvidet bruk av eksisterende avkjørsel	
	<input type="checkbox"/> Avkjørselstillatelse gitt	<input type="checkbox"/> Søkn. om avkj.tillatelse vedlegges	<input type="checkbox"/> Atkomst sikret ifølge vedlagte dokument
Vannforsyning pbl § 65	<input type="checkbox"/> Offentlig vannverk	<input type="checkbox"/> Privat fellesvannverk. Tilknytningstillatelse vedlegges	
	<input type="checkbox"/> Annet:		
Avløp pbl § 66.2	<input type="checkbox"/> Offentlig avløpsanlegg	<input type="checkbox"/> Privat enkeltanlegg	- beskriv
		<input type="checkbox"/> Privat fellesanlegg	
	<input type="checkbox"/> Utslippstillatelse gitt	<input type="checkbox"/> Søkn. om utslippstillatelse vedlegges	<input type="checkbox"/> Avløp sikret ifølge vedlagte dokument

Spesifikasjon av parseller det er søkt om fradeling for

Parsell nr.	Areal ca m ²	Parsell skal benyttes til	Navn og adresse på ev. kjøper/fester	Journalnummer
		Tilleggsareal	Bjørn Wist, 6070 Tjørvåg	





Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg.nr.	Saksbeh.
- 4 APR. 2014	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Herøy kommune

Frådeling av parsell gnr53 bnr12 - tilleggsareal til gnr53 bnr47 Fråsegn til dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Natur- og miljøverninteresser

Neset der gnr53 bnr47 ligg er i gislink.no registrert som eit lokalt viktig friluftsområde som vert/har vore nytta som bade plass.

Fylkesmannen har ikkje merknader til søknaden når det gjeld den delen av tomta som ligg nord for bustaden og som er opparbeidd til hage.

Ut i frå lokale friluftsiinteresser og med tanke på området sin verdi for born og unge, er det uheldig med frådelingar som medfører ytterlegare privatisering av neset. Eigedom med strandlinje, vil kunne legge til rette for opparbeiding og ytterlegare privatisering av området i strid med formålet med strandsonerbetet. Vi kan difor ikkje tilrå at arealet mellom bustaden og sjøen vert tillagt bustadeigedomen.

Konklusjon

Ut i frå strandsoneinteressene og lokale friluftslivsinteresser, rår vi frå frådeling av eigedom til sjøen. Frådelinga bør avgrensast til opparbeidd hage og tilkomstveg nord for bustadhuset.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Astrid Buset
overingeniør

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Statens vegvesen

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

6

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr. 2014/297	Saksbeh. HK
24 MARS 2014	
Ark.kode P	53/12
Ark.kode S	
J.nr.	Dok nr. 4
Kassasjon	

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:
2014/022199-002

Dykkar referanse:
2014/297

Vår dato:
23.03.2014

Fv 654 - Herøy kommune - Gnr. 53 bnr. 47 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådeling av parsell som tileggsareal - Arvid Wisth - Uttale

Viser til brev av 19.2.2014 frå Herøy kommune.

Saka gjeld uttale til søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel med sikte på å dele frå om lag 1000 kvm frå 53/12 som tilleggsareal til bustadtomta 53/47. Omsøkte areal er i kommuneplanen lagt ut til LNF-føremål.

Statens vegvesen har ingen merknad til at det vert dispensert frå kommuneplanen som omsøkt.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Ole Jan Tønnesen
for Ole Jan Tønnesen
seksjonsleiar

Hallvard Sæverud
Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen
Fylkesmannen

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52



NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Søre Sunnmøre landbrukskontor

Saksnr
2014/297

Arkivkode
53/12

Dato
04.04.2014

LANDBRUKSFAGLEG UTTALE TIL SØKNAD OM FRÅDELING AV PARSELL SOM TILLEGGSAREAL TIL 53/47

Samandrag av saka:

Søknaden gjeld frådeling frå gnr 53 bnr 12 som tilleggsareal til gnr 53 bnr 47. Arealet som er søkt frådelt utgjør om lag 1 dekar med open jorddekt fastmark. Det trengs ikkje vedtak etter jordlova § 9 omdisponering, men vedtak etter jordlova §12 deling.

Saksopplysningar:

Etter opplysningar frå www.skogoglandskap.no har eigedomen følgjande areal: Samla areal på innmark er 10,9 dekar der 6,1 dekar er fulldyrka jord og 4,8 dekar er innmarksbeite. Anna areal utgjør 148,3 dekar. Totalt areal på eigedomen er 159,2 dekar.

Eigedomen ligg i LNF område i kommuneplanen.

Utdrag av § 12 i jordlova – deling.

Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter § 9.

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.

Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.

Vurdering og konklusjon:

Eigedomen er marginal som sjølvstendig landbrukseigedom. Arealet som er søkt frådelt går ikkje ut over den dyrka marka. Arealet skal leggest til eksisterande bustadtomt. Det vil ikkje føre til auka drifts eller miljømessige ulemper for landbruksdrifta i området. Vi vil tilrå frådelling.

Framlegg til vedtak etter jordlova:

Maritim og teknisk komite gir løyve til frådelling av 1 dekar som omrøkt frå 53/12, jmf. Jordlova § 12.

Grunngjeving: Delinga ikkje vil føre til drifts- eller miljømessige ulempe for landbruksdrifta i området.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg



OMSØKT
TILLEGGSAREAL

EKSISTERANDE
TOMT



LOKALISERING AV TILTAKET

Girsøyane

Tjøråvågen



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2014/319
		Arkiv:	C20

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
48/14	Maritim og teknisk komite	29.04.2014

HEID TURLØYPE, 3. BYGGESTEG - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ VIDARE UTBYGGING AV TURLØYPE.

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite gjev, i medhald av PBL § 19-2, dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen med sikte på opparbeiding av Heid turløype, 3. byggesteg (ca. 650 meter), som vidareføring av eksisterande turløype frå Tverrfjellet og i retning Lisjebøvegen. Med tilvising til at etablering av turløypa er basert på ein leigeavtale på 35 år vert det samstundes gjeve samtykke til deling i medhald av jordlova § 12.

Grunngjevinga for dispensasjonen er at tiltaket understrekar dagens bruk, at det dessutan er i tråd med kommuneplanens intensjon for bruken av området og at det legg til rette for ein ytterlegare aktivitetsauke i dette svært attraktive nærfriluftsområdet.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy

Bergsøy Idrettslag, Postboks 12, 6099 Fosnavåg

Herøy kommune, Kulturavdelinga, Postboks 274, 6099 Fosnavåg

Vedlegg:

Søknad m/vedlegg, datert 14.02.2014, vedk. dispensasjon frå kommuneplanen for etablering av Heid turløype, 3. byggesteg.

Kopi av uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 02.04.2014.

Kopi av uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, datert 08.04.2014.

Kopi av uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 07.04.2014.

Utsnitt av kommuneplanen i M 1:10000 som viser lokaliseringa av tiltaket.

Saksopplysningar:**BAKGRUNN:**

Herøy kommune v/kulturavdelinga har i samarbeid med Bergsøy Idrettslag søkt om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på etablering av Heid turløype, 3. byggesteg. Tiltaket gjeld ei vidareføring av dei alt etablerte turløypene som går frå Heidområdet til Tverrfjellet. På same måte som ved dei tidlegare utbyggingane, ligg det føre langsiktige leige-/bruksavtalar med samtlige berørte grunneigarar. Etter fullført høyringsrunde er no søknaden klar for politisk sluttbehandling.

SØKNADEN OG SØKNADSPROSESSEN:

Det er frå før bygt om lag 1,5 km turløyper i det aktuelle området. Den no omsøkte strekkinga er på om lag 650 meter og går frå Tverrfjellet og ned til Lisjebøvegen i området rett overfor kulturhuset. Løypa går i relativt bratt terreng (høgdeskilnad på 86 meter) og det er lagt opp til ei rekkje svingar for å overvinne stigningane og få best mogleg terrengtilpassing. Turløypa får ei ferdig grusa breidde på 2 meter og skal vere belyst etter tilsvarande opplegg som for dei tidlegare utbyggingane.

Formålet med tiltaket er no som før å legge til rette for ein auka standard på turområdet gjennom opparbeidde og belyste løyper og på den måten medverke til å auke/utvide bruksmulegheitene i området.

Kommunestyret har i K-sak 152/13 vedteke at Herøy kommune kan stå som byggherre for prosjektet. Vidare har kommunestyret godkjent leigeavtalar med grunneigarane, deltaking i finansieringa og elles klargjort at prosjektet kan starte opp når heile finansieringa og alle naudsynte godkjenningar er på plass. Ei av dei aktuelle godkjenningane gjeld då spørsmålet om evt. dispensasjon frå kommuneplanen.

Søknaden vart på vanleg måte sendt aktuelle høyringsinstansar med brev av 20.02.2014. Ein har no motteke uttale frå alle tilskrivne høyringspartar og saka er med det klar for politisk sluttbehandling.

Det ligg føre uttalar frå følgjande høyringsorgan:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 02.04.2014

Fylkesmannen uttalar at han ut frå sine ansvarsområde ikkje har merknader til søknaden om fullføring av turløypa.

Uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune av 08.04.2014

Fylkeskommunen er positiv til søknaden då dei meiner at etablering av turveggar vil verke positivt både på folkehelsa og attraktiviteten til bumiljøet i området. Dei ser heller ikkje tiltaket som konfliktfylt i høve til dei interessene Fylkeskommunen skal ivareta.

Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor av 07.04.2014

Landbrukskontoret uttalar innleiingsvis at området som skal nyttast til turløype, i all hovudsak består av skogkledde areal og skrin fastmark og at areala er marginale i landbrukssamanheng. Reint formelt vert det peika på at tiltaket kjem inn under reglane for deling av jordeigedom, jfr. jordlova § 12. Dette med tilvising til at deling av landbrukseigedom omfattar også forpaktning, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett når denne retten er stifta for meir enn 10 år og ikkje kan seiast opp av eigaren. Etter ei samla vurdering tilrår Landbrukskontoret at det vert gjeve løyve til frådelling etter jordlova § 12.

Landbrukskontoret har også gjort ei vurdering i medhald av naturmangfaldslova. Det vert her vist til at eit felt med nordvendt kystberg og blokkmark av god kvalitet ligg opp mot turløypa i nordre kant, men at det ikkje er registrert spesielle artar innanfor turløypeområdet (NML § 8). Ut over dette vert det vist til at etablering av turløypa er eit mindre inngrep, men auka ferdsel kombinert med lyssetting av løypa tilseier at sistnemnde bør utformast på varsamt vis (NML §§ 9-12).

Vurdering og konklusjon:

Det omsøkte tiltaket er ei vidareføring av det tidlegare utbygde turløypeanlegget frå Heid og i retning Tverrfjellet. Så godt som heile det no aktuelle tiltaket ligg i område som i kommuneplanen er avsett til LNF-formål. Tiltaket er såleis avhengig av ein dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen. Med tilvising til at det er inngått leigeavtalar med grunneigarane for 35 år må tiltaket også formelt behandlast som deling i medhald av jordlova § 12.

Ingen av uttaleorgana har vesentlege merknader til søknaden. På tilsvarande måte som ved tidlegare søknader kan det understrekast at dette frå før er eit svært aktivt nytta nærfriluftsområde og at fleire av stiane, som i dag vert nytta, er vist på kommuneplanen som turveggar. Det omsøkte tiltaket understrekar såleis dagens bruk av området og legg dessutan til rette for at bruken kan aukast ytterlegare. Med ein fortsatt bruksauke utan tiltak ville slitasjen kunne verte så stor at einskilde deler av stisystemet periodevis ville vere lite brukarvenlege.

Frå kommunen si side ser ein såleis berre positive verknader av det omsøkte tiltaket. Når det gjeld spørsmål knytta til naturmangfaldslova så kan det understrekast at belysninga av området vil vere moderat og gjennomførast etter same opplegg som

for byggesteg 1 og 2, dvs. med 4 meters master på Tverrfjellet og 6 meters master på øvrige deler av løypa. Som det elles går fram av uttalen frå Landbrukskontoret vil det ikkje vere spesielle artar eller naturtyper som vert skadelidande og tiltaket. Ein vurderar heller ikkje at tiltaket vil innebere nokon annan risiko for alvorleg eller irreversibel skade eller utsette økosystemet for ei urimeleg samla belastning, jfr. prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8-12.

Etter rådmannen sitt syn vil difor ein dispensasjon korkje tilsidesetje dei omsyna det evt. vert dispensert frå eller formålsbestemmelsen i lova. Fordelane ved å gi dispensasjon vert såleis vurdert som klart større enn ulempene. Det vert etter dette konkludert med å tilrå dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen i medhald av PBL § 19-2 og å gi samtykke til deling i medhald av jordlova § 12.

Konsekvensar for folkehelse:

Med den tilrettelegginga for auka friluftaktivitet som tiltaket inneber, så vil det heilt klart ha ein svært positiv konsekvens for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for beredskapen i området.

Konsekvensar for drift:

Det omsøkte tiltaket vert heller ikkje vurdert til å ha særskilde driftskonsekvensar.

Fosnavåg, 09.04.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten

HERØY KOMMUNE	
RÅDMANNEN	
2014/319	Saksbeh. HK
17 FEB. 2014	
C20	
Dok nr. 1	

(W)

Fosnavåg, 14.02.2014

Til
Herøy kommune,
Utviklingsavdelinga,
6099 Fosnavåg

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN I HØVE TIL ETABLERING AV HEID TURLØYPE, 3. BYGGESTEG.

Vedlegg:
Kart over området med ulike profiler.
Saksprotokoll frå K-sak 152/2014
Førehandsgodkjenninga med m.a.snittprofil for vegen.

Bergsøy Idrettslag ved leiaren søkte i juli 2010 Herøy kommune om samarbeid til å få etablert ei turløype i Heid-området. Ein ville m.a. ha hjelp til å få fram oversikt over grunneigarar og kart.

Det vart om lag samtidig etablert ei uformell arbeidsgruppe som ville arbeide vidare med dette i samarbeid med kommunen for å klargjere om mulegheitene for ei slik turløype var til stades. Dei største utfordringane var å få grunneigarane med på planane og ikkje minst å få dette til økonomisk. I høve ei synfaring som sakshandsamarane for spelemidlar i Fylket gjorde i Herøy i høve ulike prosjekt i slutten av august 2010, fekk desse høve til å sjå området og verte informert om planane så langt. Konklusjonen frå dei var: Eit kjempeflott prosjekt som dei støttar fullt ut.

I slutten av august 2010 vart det avholdt eit møte med grunneigarane og då vart det avdekt ein viss skepsis i forhold til tidslengda på event. avtale og mulegheitene deira for frigjeving frå turløypa om det skulle verte utbyggingar i området. Dette vart så teke opp med fylket i høve spelemidlar, og i høve eit seinare møte med grunneigarane, så vi meiner at desse problemstillingane no skal vere rydda av vegen. I alle fall har grunneigarane for byggesteg 1, 2 og 3 skrive under avtale om frigjeving av grunn.

Det har vore politisk handsaming av prosjektet (3. byggesteg) i K-sak 152/14 med positivt vedtak. Det er venta avklaring om spelemidlane i juni -14. Får ein i tillegg avklaring om tilskot frå ein økonomiske bidragsytarar innan mai, vil prosjektet kunne realiserast sommaren og hausten 2014 om alt elles ligg tilrette.

Med dette som bakgrunn søker Herøy kommune, kulturavdelinga i samarbeid med Bergsøy Idrettslag om dispensasjon frå kommuneplanen for å kunne gå vidare i arbeidet med bygging av 3. byggesteg i Heid Turløype.

3. byggesteg som søknaden omhandlar, gjeld bygging av tursti langs vestre del av Tverrfjellet i ca 100m lengde før ein går ned langs sørsida av fjellryggen mot Herøy Kulturhus. Sjå grøn merking i vedlagde kart.

Turstien frå toppen av Tverrfjellet og ned til Kulturhuset vil ha ei ferdig grusa breidde på ca 2 m med minimale inngrep i terrenget. Vegen vert bygt i ei breidde av ca 2,5 m for at ein skal kunne nytte større gravemaskin (8 tonn) under byggearbeidet, og seinare få opp traktor el.

liknande og gjere tilfredsstillande vedlikehaldsarbeid på veg og lyssetting i eit vidare perspektiv.

I stor grad vil duk / armeringsduk verte lagt opp på terrenget med påfyll av passande masser (pukk og grabbamasse), grus og eit lag med kvit grus som toppdekke. Trekkerør for lys vil verte lagt i fyllmassene. Feste for lysmastene vil verte greve ned eller bolta til berget. Det er avgjort at høgde på lysmastene oppe på Tverrfjellet vil vere 4 m. Gjennom skogen vil mastene ha ei høgde på 6m.

I leigeavtalen med grunneigarane ligg det også eit krav om at dei skal kunne få høve til å hente ut ved frå skogteigane sine.

Som nemnt tidlegare har arbeidsgruppa ynskje om at Turløypa vert knytt saman med ein sti opp frå Nørvågen. Ein har sett på mulegheita og lagt løypa inn på kartet, og Nørvågarane er no i sving med å bygge trapp i stein.

Vi meiner at ei turløype som no ser ut til å verte etablert i Heidområdet, vil gje store positive ringverknader. Turløypa vil når den er ferdig, m.a. vere knytt til oppgangen frå skuleplassen ved Bergsøy skule og vere ein svært positiv og helsefremjande tilvekst for alle dei 1400 elevane / barnehageborna / vidaregåande elevar som dagleg oppheld seg i området. I tillegg vil det vere langt lettare for dei ca 5000 innbyggjarane på Bergsøya m.v. å verte freista i all slags ver, til å ta seg ein tur ut i terrenget. Enten frå den store parkeringsplassen som er under bygging ved Kulturhuset og Sunnmørsbadet, frå skuleplassen ved Bergsøy skule, frå TUSSA-bygget ovanfor Bergsliå byggefelt eller frå Nørvågen m.v.


Etablering av turstien vil også vere positivt for slitasjen i området der stiane grev seg ned i terrenget og lagar baner for vassføring og utgraving i terrenget.

For Fosnavåg som by og hotellet som snart står klart, og ikkje minst alle båtturistane m.m., vil ei slik turløype ha store positive ringverknader opp mot trivsel og oppleving. Tenk å kunne gå bort i Nørvågen, følgje stien og trappa opp og gå dei siste 3-400 m. opp på platået på Tverrfjellet med panoramautsikt over Fosnavåg, hamna, Rundabranden i bakgrunnen og solnedgang i havet sommarstid. Det vil gje ei stor oppleving for dei fleste.

Med dette som bakgrunn søker kommunen og Bergsøy Idrettslag om dispensasjon frå kommuneplanen for etablering av Heid Turløype, 3. byggesteg.

Med helsing

Bergsøy Idrettslag, Hoyudstyret


Frank Steinsvik, leiar


Sakshandsamar kommunen



Andreas Kvalsund


Byggesteg 1
Byggesteg 2
Byggesteg 3
Alternative løyper




Heid Turisløyper
31.10.2013
Målestokk 1:5000
Hensøy kommune





 **HERØY KOMMUNE**
12.02.2014 1:2000
Det kan forekomme feil i kartet





HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

Gunnar Sævik og Frank Steinsvik

leiar Trim-gruppa Bergsøy IL/leiar Bergsøy IL
6099 FOSNAVÅG

Saksnr
2012/62

Arkiv
C20

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
KUL / AK

Dato
10.12.2013

IDRETTSFUNKSJONELL FØREHANDSGODKJENNING AV HEID TURLØYPE 3. BYGGESTEG.

Arbeidsgruppa for Heid Turløyper har 7.11.13 søkt Herøy kommune om Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning i høve 3. byggesteg. Søknaden vart behandla i K-sak 152/13 i møte 28.11.13.

Arbeidet med Heid Turløype 1. byggesteg starta opp på ettersommaren 2009 etter ein førespurnad frå Bergsøy IL, Trimgruppa til Herøy kommune i høve hjelp til søknad om spelemidlar, kart, grunneigaroversikt m. m.

Etter kvart vart ei arbeidsgruppe etablert med medlemar frå Bergsøy IL, trimgruppa, kommunen og interesserte.

Seint hausten 2009 fekk ein avklaring og leigeavtalar med grunneigarane som var tilknytt 1. byggesteg, og ein kunne starte planlegging av turløypa, kostnadsberekningar og finansiering, og søknad om spelemidlar vart sendt innan fristen 15. januar 2010 med avtale om ettersending av dokumentasjon. Sjå vedlagde kart.

Det vart gjort avtale med fylket om å kunne dele prosjektet i 3 delar då ein ikkje hadde avtale på plass med alle grunneigarane i den event. vidare utbygginga.

1. byggesteg.

Bergsøy Idrettslag søkte 11.01.10 i eit samarbeid med kommunen om å få førehandsgodkjent søknaden om spelemidlar til bygging av Heid Turløype 1. byggesteg.

I K-sak 28/10 den 28.02.10 vart det gjort vedtak om deltaking frå kommunen si side. Innan fristen 1. mars var 1. byggesteg av stien finansiert med midlar frå Næringsforum, dei 3 bankane i kommunen, dugnad og kommunen.

I juni 2010 låg det føre svar frå fylket om innvilga tilskot på kr. 200.000 og ein kunne starte arbeidet med vidare planlegging, og etter kvart arbeid i marka.

Det vart sendt brev til Tussa etter eit møte med dei, der dei signaliserte å ville vurdere å vere med etter same mal som Leikong Tur- og Lysløype. Hausten 2010 signaliserte Tussa i brev at dei ville vere med på samhandlingsprosjektet som omsøkt.

Det er gjort vedtak om dispensasjon frå kommuneplanen for 1. og 2. byggesteg.

I høve til 1. byggesteg vart det utarbeida ei kostnadsramme på kr. 816.000 som vart fullfinansiert. Fylket gav tilskot frå spelemidlane på kr. 200.000 og Næringsforum, dei 3 bankane i kommunen, kommunen og dugnad finansierte resten. Søknaden og kostnadsramma er seinare justert opp pga auka kostnader, og fylket har auka tilskotet til 450.000 etter flytting av søknaden frå nærmiljøordninga til ordinærordninga og høve for tilskot frå friluftsmidlane.

Det er gjort avtale med Aurvoll og Furesund vedk. 1. og 2. byggesteg, og arbeidet i marka med 1. byggesteg vart starta opp i sept. 2011 etter ein del dugnadsarbeid med felling av tre. Arbeidet med bygging / grunnarbeidet av 1. byggesteg pågjekk til snøen kom i november 2011.

2. byggesteg.

Hausten 2011 vart det inngått avtalar med grunneigarane om bygging av 2. byggesteg av turløypa og i K-sak vart det gjort vedtak om deltaking frå kommunen si side. Sjå vedlagde kart.

Det vart utarbeida eit kostnadsoverslag og forslag til finansiering, og søknad vart sendt til fylket vedk. spelemidlar i jan. 2012. Kostnadsramma vart på kr. 850.000.

Pga korte fristar fekk ein ikkje alle tilskot på plass og ein fekk ikkje søknaden godkjent. Ny søknad vart sendt i 2013, og med auka tilskot frå fylket, tilskot frå Næringsforum, Gjensidigestiftelsen, ei rekke bedrifter, rederi, kommune og dugnad, vart søknaden godkjent og arbeidet i marka kunne halde fram.

Arbeidet i marka har no med nokre avbrudd halde fram sidan i sommar og er på det næraste ferdig. Berre lys manglar på dei 2 byggestega som no er bygt. Dette skal i høve avtale kome på plass innan nyttår. Vi har fått ei fantastisk turløype som barnehagar, skular og mykje folk som går tur i marka set stor pris på. Berre lovord å høyre.

3. byggesteg

Som det framgår på kartet er det skissert eit 3. byggesteg frå Tverrfjellet og attende til området ovanfor Bergsøy skule. Arbeidsgruppa har arbeidt med fleire ulike alternativ med ynskje om ei rundløype, og det ser no ut til at alternativet med turløype ned att frå Tverrfjellet mot kulturhusområdet skal verte ein realitet. Dette passar også fint inn i høve til tankane om gåtunnel frå sentrum av Fosnavåg til kulturhusområdet. Turløypa vert samanknytt med løypa ovanfor Bergsøy skule langs gåvegen på Lisjebø. Sjå kart.

Alle grunneigarar har skrive under på leigeavtalen og arbeidet med vidare planlegging, kostnadsberekning, finansiering m.m. kan halde fram med ynskje om å få klar søknad om spelemidlar innan fristen 15. januar. Om alt går etter planen kan 3. byggesteg starte arbeidet i marka sommaren 2014.

Stor interesse for folkehelseløyper.

Det er stor interesse for å få til folkehelseiltak som m.a. turstiar. Nørvågen Vel og Fosnavågaren har engasjert seg for ein sidedel av Heid Turløype opp frå Nørvågen. I fleire bygdelag er det tankar for turløyper og merking av eksisterande stiar. Fleire forslag til turstiar er foreslåtte i høve rulleringa av kommuneplanen. Møre og Romsdal Fylke har prioritert stort engasjement for å få fleire til å nytte vår flotte natur, og fleire store nasjonale næringsbedrifter har signalisert satsing på denne type tiltak.

Berge, Bergslia og Flusund Grendelag har engasjert seg for bygging av gapahukar i tilknytning til Turløypa på Heid, samt benkar og anna trivselstiltak langs stien.

I tillegg til kommunen som no har godkjent planane for 3. byggesteg, håper arbeidsgruppa at fleire bedrifter og rederi i Herøy ser behovet for tilrettelegging av ulike folkehelseiltak for sine tilsette, og ser det som ein viktig del for å få folk med naudsynt kompetanse til å flytte til kommunen, og vel å støtte opp om vidare utbygging av Heid Turløype med eit tilskot, slik at arbeidet kan halde fram.

Heid Turløyper er eit svært positivt prosjekt for alle som bur på Bergsøy, den mest befolka øya i Herøy kommune med sine ca 5000 innbyggjarar, og kommunen og regionen forøvrig. Området der løypa er planlagt, er eit svært mykje nytta turområde med ca 15-20.000 pr. år som besøker toppen, Hornseten, som ligg ovanfor den planlagde turløypa. På grunn av mykje trakk i området på våte dagar over lengre periodar, så såg området før løypearbeidet starta, meir ut som ein gjørmesti. Dette vart verre og verre år for år, og noko måtte gjerast. No har dette vorte flotte turstiar som er på veg til å verte fullført.

Bergsøy Idrettslag, kommunen og næringslivet har gripe tak i dette og gått inn i eit samarbeid for å få skikk på turområdet, og prosjektet har vorte svært godt motteke.

Fylgjande vedlegg er klar til førehandsgodkjenning:

Vedlegg 1:

Heid Turløype byggesteg 1, 2 og 3. byggesteg er plassert i kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet under ordinæranlegg og ligg der som einaste friluftsanlegget.

Vedlegg 2:

Situasjonsplan i målestokk 1:1000. Legg ved også oversiktskart i 1:5000. Kartfilene frå utviklingsavdelinga i kommunen skal kunne sendast digitalt direkte dersom det er behov for det. Pga stort område er filene i denne målestokken store og tunge.

Vedlegg 3:

Behovsoppgåve for dimensjonering.

Vedlegg 4:

Foreløpig kostnadsoverslag i tillegg av finansiering og drift.

Vedlegg 5:

Dokumentasjon av tilpassinga av anlegget til bygningar og landskap. Legg også ved plankart så ein ser forslaga til vegar og utbyggingar i området.

Vedlegg 6:

Kommentar vedk. lysberekning

Vedlegg 7:

Snittprofil for Heid Turløype.

Søknaden om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning er førelagt Anlegg- og driftsavdelinga og Utviklingsavdelinga. Utviklingsavdelinga har ingenting å bemerke, men opplyser at det må søkjast på vanleg måte om byggeløyve for 3. byggesteg, jmf. plan og bygningslova sine retningsliner. I tillegg må det søkjast om dispensasjon frå kommuneplanen før arbeidet kan starte opp.

Anlegg- og driftsavdelinga har ikkje merknader til førehandsgodkjenninga.

Kulturavdelinga vil med dette førehandsgodkjenne planane for Heid Turløype, 3. byggesteg.

Med helsing


Eileen Gjerde
Avdelingsleiar


Andreas Kvalsund
Sakshandsamar

Kopi:

Møre og Romsdal Fylke, kulturavdelinga Fylkeshuset, 6404 MOLDE



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
Overingeniør Astrid Buset, 71 25 85 41

Vår dato
02.04.2014
Dykkar dato
20.02.2014

Vår ref.
2014/1359/ASBU/421.3
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE	
RADMANNEN	
Saksbeh.	Saksbeh.
- 4 APR 2014	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.Nr.	Dok.Nr.
Kategori	

Herøy kommune Heid turløype - 3. byggesteg Fråsegn til dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader til søknad om fullføring av turløypa.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Astrid Buset
overingeniør

Kopi:
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Søre Sunnmøre landbrukskontor

Saksnr
2014/319

Arkivkode
C20

Dato
07.04.2014

LANDBRUKSFAGLEG UTTALE TIL SØKNAD OM 3. BYGGESTEG HEID TURLØYPE

Arealet som skal nyttast til utbygging av turløype er marginalt i landbrukssamanheng. Den går i all hovudsak over skogkleddareal og skrinne fastmark.

Søknaden er vurdert etter § 12 i Jordlova som omhandlar deling av landbrukseigedom.

Deling av landbrukseigedom gjeld og forpaktning, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til del av eigedomen når retten er stifta for lengre tid enn 10 år eller ikkje kan seiast opp av eigaren (utleigaren).

Kommunen kan gi løyve til deling viss samfunnsinteresser av stor vekt talar for det eller deling er forsvarleg ut frå avkastninga eigedomen kan gi. Det skal takast omsyn til om delinga kan føre med seg driftsmessige eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det skal og takast omsyn til godkjende planar for bruk av areala etter plan- og bygningsloven, samt omsyn til kulturlandskapet.

Vurdering og konklusjon etter Jordlova:

Det går fram av saka at turløypa får høg allmenn nytte. Det er og presisert i søknaden at det skal leggast til rette for at grunneigarane kan hente ut ved frå skogteigane sine. Arealane som vert bandlagde fører til liten ulempe for landbruksdrifta på eigedomane.

Reint praktisk vert det ofte konflikt når ein skal nytte turløypa til å hente ut ved med maskinelt utstyr. Ein bør vurdere alternative utdriftsveggar for vedtømmer i staden for å nytte turløypa.

Etter ei samla vurdering kan ein tilrå at det vert gitt løyve til frådelling etter Jordlova §12.

Vurdering av tiltaket i forhold til Naturmangfaldlova §§ 8 – 12:

I forhold til NML §8 (kunnskapsgrunnlaget).

- Saka er vurdert i forhold til opplysningar som ligg i Naturbasen. Det ligg eit felt med ei viktig naturtype (nordvendt kystberg og blokkmark) av god kvalitet opp mot turløypa i nordre kant.
- Artsdatabanken viser ingen registreringar innafor området turløypa ligg.

I forhold til NML §9 (før-var-prinsippet).

Der det er tvil om kunnskapsgrunnlaget bør ein avslå tiltaket.

Etablering av turløype er eit mindre inngrep som ein ikkje kan rekne med kjem i konflikt med føre-var-prinsippet. Men ein bør vurdere lyssettinga av løypa i forhold til prinsippet.

I forhold til NML §10 - påverknad av eit økosystem skal det vurderast den samla påverknaden av tiltaket.

Etablering av turløypa vil føre til auka ferdsel i området. Når turløypa vert kombinert med lyssetting vert den samla belastinga på området vesentleg auka.

NML §11 legg kostnadane for å avgrense negativ påverknad frå tiltaket til den som er ansvarleg for tiltaket. Ein bør vurdere om lyssettinga er naudsynt i heile turløypa og om det kan utformast på eit varsamt vis.


I forhold til NML §12 – miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Inngrepa i naturmangfaldet skal vere avgrensa og ei avgrensing av lyssettinga i turløypa bør vurderast.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg

LOKALISERING AV TILTAKET





Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2014/319	20.02.2014	11283/2014/DISPENSASJON/1515	Anders Smith-Øvland, 71 25 82 91	08.04.2014

Herøy kommune - utbygging av turløype - Heid turløype byggetrinn 3 - fråsegn ved søknad om dispensasjon frå kommuneplan

Møre og Romsdal fylkeskommune vil tilrå at det vert gitt dispensasjon. Området er generelt nokså tett folkesett og etablering av turvegar vil verke positivt både for folkehelsa og for bumuljøet sin attraktivitet. Vi kan ikkje sjå at det skal vere konfliktfylt i forhold til andre interesser fylkeskommunen skal ivareta.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ole Helge Haugen
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	EFLÅ	Arkivsaknr:	2014/36
		Arkiv:	34/504

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
49/14	Maritim og teknisk komite	29.04.2014

KLAGE PÅ MTK-SAK 12/14 - DISPENSASJON FRÅ PLANKRAV VED ETABLERING AV 2 MANN-BUSTAD PÅ GNR 34, BNR 503 OG 504.

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite kan ikkje sjå at klagene frå Bern-Andre Huldal og Terje Huldal inneheld vesentleg nye moment som tilseier noko endra vurdering i høve til då vedtak om dispensasjon frå plankravet vart gitt i MTK-sak 12/14, datert 28.01.2014.

Maritim og teknisk komite opprettheld difor vedtak om dispensasjon frå plankravet slik det går fram av MTK-sak 12/14. Saka vert å sende til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Særutskrift:

Tømrer Service as, Røysbakken 5, 6100 Volda
Bern-Andre Huldal, Bernmarka 11, 6090 Fosnavåg
Terje Huldal, Bernmarka 7, 6090 Fosnavåg

Vedlegg:

- 1 01 MTK-sak 12-14, datert 30.01.2014
- 2 02 Klage frå Bern -Andre huldal, datert v20.02.2014
- 3 03 Klage frå Terje Huldal/Hilde Holmset, datert 20.02.2014
- 4 04 Situasjonsskart
- 5 05 Teikningar

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Tømrer Service søkte 17.09.2013 om å få bygge ein 2-mannsbustad med tilhøyrande garasje på eigedomane 34/503 og 504. Søknaden inneheldt også søknad om dispensasjon frå plankravet.

Det vart sendt ut førebels svar i saka den 02.10.2013 og 13.12.2013.

Med omsyn til saka sin karakter vart saka fremja for MTK for godkjenning. MTK godkjente saka den 28.01.2014 sak 12/14.

Eigedomane gnr 34 bnr 503 er frådelt gnr 34 bnr 30 i 1990 og bnr 504 er frådelt gnr 34 bnr 4 same år . Det er tidlegare gjeve dispensasjon frå plankravet i samband med frådelling av eigedomane i 1988.

Saman med søknaden, datert 17.09.2013, låg det føre 2 merknader frå naboar. Merknadane var kommenterte av ansvarleg søkjar og vurdert av kommunen i saksframlegget i MTK-sak 12/14.

Klagene på MTK-sak 12/14 er skriftleg innlevert innan klagefristen. Det er ikkje sett fram krav om utsettande verknad.

Ein viser elles til saksopplysningar gjeve i sak MTK 12/14 for utfyllande opplysningar.

Vurdering og konklusjon:

Klagene:

I stikkordsform viser Bern-Andre Huldal, datert 20.02.2014, i sin klage til følgjande forhold:

- Er sterkt imot bygging av 2-mannsbustad og misnøgd med at han ikkje fekk forståing for merknadane.
- Han har ikkje gitt vegrett til Tømrer Service as over sin eigedom, og vil heller ikkje gi det.
- Ulempe for min eigedom, samt mykje trafikk.
- Bygget vert for høgt.

- Veggen er ikkje dimensjonert
- Feil i førre saksframlegg mht at omsøkt tomt er den siste i område

I stikkordsform viser Terje Huldal og Hilde Holmset, datert 20.02.2014, i sin klage til følgjande forhold:

- Misnøgd med at merknadane tidlegare ikkje har ført fram
- Imot bygging av 2-mannsbustad, tomta var tenkt bebygd med einebustad
- Bygget vert for høgt
- Trafikkauke, trangt mellom eigedomane
- Veggen er privat, bygd på gnr 34, bnr 30.

Kommunens vurdering av klagene:

Begge klagarane er misnøgde med at dei ikkje nådde fram med klagene sine i førre handsaming. Ein kan ikkje sjå at klagene innheld ny informasjon eller nye moment som skulle tilseie eit anna vedtak enn det som ligg til grunn i MTK sak 12/14.

Klage frå Bern-Andre Huldal.

Bern Andre Huldal viser til at tomta vart frådelt i 1988 til føremål einebustad og at etablering av ein to-manns bustad ikkje er i tråd med tidlegare vedtak og føresetnadar.

Kommunens kommentar:

Oppføring av hus med to bueiningar er jfr. tidlegare uttalelsar frå Fylkesmannen likestilt med einebustad med sekundærleilighet (2 husholdningar). Omsøkt tiltak vert vurdert å vere innanfor og i tråd med Fylkesmannen sine tidlegare vurderingar.

Det er ikkje lagt nokon føringar i frådelingsvedtaket frå 1988 om at det kun kan oppførast einebustad på omsøkt tomt.

Vidare viser Bern Andre Huldal til vurderingar kring vegrett fram til eigedomen og over gnr 34 bnr 30 og at det ikkje er gitt tinglyst vegrett for eigedomen.

Kommunens kommentar:

Vegtilkomsten for omsøkt eigedom vert vurdert gitt i frådelingssaka, jf TU-sak 155/88.

Klagarane er av den klare oppfatning at det ikkje eksisterar vegrett til eigedomen. Kommunen har gjennom kontroll av grunnboka ikkje funne at det er gitt eller ligg føre tinglyst vegrett til omtalte eigedom.

I saksdokumenta til frådelingssaka i 1988 var/er der skissert ein vegtilkomst til tomta. Denne skisserte vegtilkomsten var i 1988 eit viktig element i frådelingssaka og kommunen legg til grunn at dersom ikkje vegtilkomst var avklart på delingstidspunktet ville det ikkje vore gitt løyve til frådeling slik det går fram av TU sak 155/88.

Kommunen legg difor til grunn at tomta har vegtilkomst.

Etter kommunen sine opplysningar eller dokumentasjon ligg der ikkje føringar i frådelingsvedtaket frå 1988 om at vegtilkomsten var knytt til bestemte personar.

Kommunen vil vidare påpeike at merknaden knytt til vegrettsspørsmålet er av privatrettsleg karakter og skal i utgangspunktet ikkje leggest til grunn i handsaminga.

Bern Andre Huldal peiker og på ulemper for hans eigedomar ved etablering av to-manns bustad kontra einebustad med omsyn til trafikk.

Kommunens kommentar:

Etablering av ny bustad på eigedomen (2-mannsbustad) vil føre til noko auka trafikk i området. Trafikkauken vert vurdert likevel ikkje å vere vesentleg større eller av ein slik karakter at den vil verke særskilt negativt inn på området, jf uttale frå anlegg- og driftsavdelinga 11.11.2013.

Klager er vidare skeptisk til høgdene på omsøkt bustad og viser til snitt teikningar av byggeprosjektet der det vert vist til at grunnen blir heva 1 meter over terreng og ein kan kome opp i ei totalhøgd på om lag 8 m.

Kommunens kommentar:

Omsøkt bygg ligg innanfor reglane til høgde i plan-og bygningslova, jf § 29-4.

Bygget er omsøkt plassert i tråd med gjeldande reglar og forskrifter i pbl. Omsøkt hus har tilnærma flatt tak – 6 grader. Både mønehøgd og gesismshøgd ligg innanfor reglane til høgde i høve plan-og bygningslova sine bestemmelsar.

Klager viser til feil i førre saksframlegg mht at dette er siste tomt i området.

Kommunens kommentar:

Kommune gir klagar rett i dette, men vil påpeike at setninga var tatt med for å underbygge at omsøkt utbygging ikkje vil påverke vidare utbygging og tomteinndeling i området. Altså ei heilheitsvurdering inn mot dispensasjonsspørsmålet knytt til plankravet.

Til slutt viser Bern Andre Huldal til den private vegen sin standard og dimensjonering at denne ikkje toler meir trafikk enn det som er tilfelle i dag.

Kommunens kommentar:

Utbygger har i innspel til klagebehandlinga også kommentert at dei vil, om det viser seg naudsynt, utbetre vegen noko.

Tilstand av private vegar vert vurdert å vere av privatrettsleg karakter.

Klage frå Terje Huldal og Hilde Holmset.

Som Bern Andre Huldal viser til peikar Terje Huldal og Hilde Holmset på at tomta som vart frådelt i 1988 var til føremålet einebustad og at etablering av ein to-manns bustad ikkje er i tråd med tidlegare vedtak og føresetnadar.

Kommunens kommentar:

Viser til kommentar ovanfor om at oppføring av hus med to bueiningar er jfr. tidlegare uttalelsar frå Fylkesmannen likestilt med einebustad med sekundærleilighet (2 husholdningar). Omsøkt tiltak vert vurdert å vere innanfor og i tråd med Fylkesmannen sine tidlegare vurderingar.

Det er ikkje lagt nokon føringar i frådelingsvedtaket frå 1988 om at det kun kan oppførast einebustad på omsøkt tomt.

Klagane er vidare skeptisk til høgden på omsøkt bustad og viser til snitt teikningar av byggeprosjektet der det vert vist til at grunnen blir heva 1 meter over terreng og ein kan kome opp i ei totalhøgde på om lag 8 m. Klagarane viser til at kveldssol vert mist og utsikt mot Kleivalia forsvinn.

Kommunens kommentar:

Viser til kommentar ovanfor om at omsøkt bygg ligg innanfor reglane til høgde i plan- og bygningslova, jf § 29-4.

Bygget er omsøkt plassert i tråd med gjeldande reglar og forskrifter i pbl. Omsøkt hus har tilnærma flatt tak – 6 grader. Både mønehøgde og gesismshøgde ligg innanfor reglane til høgde i høve plan- og bygningslova sine bestemmelsar.

Omsøkt eigedom ligg i eit område avsett til bustadbygging i kommuneplanen og tomt er frådelt til bustadføremaal. Plassering og høgde er i tråd med plan og bygningslova sine bestemmelsar og utsikt og solforhold vert etter kommunen sine vurderingar ikkje vesentleg endra med realisering av ny bustad på tomta.

Dei peikar vidare på trafikk til og frå eigedomen og det kan vere ei reell konflikt med etablert gårds plass og eigedom.

Kommunens kommentar:

Viser til kommentar ovanfor om at etablering av ny bustad på eigedomen (2-mannsbustad) vil føre til noko auka trafikk i området. Trafikkauken vert vurdert likevel ikkje å vere vesentleg større eller av ein slik karakter at den vil verke særskilt negativt inn på området, jf uttale frå anlegg- og driftsavdelinga 11.11.2013.

Utbyggar har i innspel til klagebehandlinga også kommentert at dei vil, om det viser seg naudsynt, utbetre vegen noko.

Utforming og tilstand av private vegar vert vurdert å vere av privatrettsleg karakter.

Til slutt viser Terje Huldal og Hilde Holmset til at vegen er privat som dei har bygd over gnr 34 bnr 30.

Kommunens kommentar:

Vegen er bygd på privat grunn, men vedtaket i TU-sak 155/88 viser vegtilkomst over den private vegen fram til tomte. Kommunen vurderer det til at tomte har naudsynt vegrett.

Kommunen vil vidare påpeike at forhold knytt til veg og vegrett er av privatrettsleg karakter og skal i utgangspunktet ikkje leggast til grunn i handsaminga og må derfor løysast mellom partane.

Dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen sin arealdel.

Kommunen viser til at ingen av klagarane har merknadar til dispensasjon frå plankravet som er omsøkt.

Kommunen kan med heimel i plan- og bygningsloven § 19-2 gi dispensasjon frå føresegner i lova eller frå arealbruk fastlagt i kommuneplan. Pbl. § 19-2 sett to vilkår for dispensasjon. For det fyrste kan dispensasjon ikkje gis dersom omsyna bak plana eller omsyna bak føresegna det dispenserast i frå blir vesentleg satt til side. Det vil normalt ikkje være høve til å gi dispensasjon når omsyna bak føresegna det søkast dispensasjon frå fortsatt gjer seg gjeldande med styrke. Det andre vilkåret er at fordelane ved dispensasjonen i tillegg må vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Kommunen må her foreta ei interesseavveging der fordelane med tiltaket vurderas opp mot ulempene.

Det første spørsmålet er om dispensasjonen vesentleg tilsidesett omsyna bak krav om reguleringsplan som det er vist til kommuneplanen sin arealdel.

Kommunen vurderer det til at ein ikkje tilsidesetter vesentleg det plankravet er meint å ivareta i denne saka. Grunngevinga er at tomtedelinga i området er etablert og infrastrukturen er på plass for å etablere bustadar i tråd med gjeldande kommuneplan. Ein dispensasjon vil ikkje slik kommunen ser det svekke moglegheitene for vidare utvikling i området.

For at dispensasjonen kan innvilgas må i tillegg fordelane ved å gi dispensasjonen vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Ein reguleringsprosess er ressurskrevande og kostbar, den vil likevel verke styrande for utviklinga mht storleik og høgder på bygg. I denne saka er det ikkje søkt dispensasjon frå krava til høgder og plassering. Omsøkt tomt er naturleg arrondert inn i det eksisterande byggemønsteret (tomtedeling) i området og ein kan ikkje sjå at ein reguleringsplan ville gi ei noko anna utvikling av området enn slik det er lagt opp i gjeldande søknad. Ein legg til grunn at det er klart større fordelar enn ulemper ved å gi dispensasjon frå plankravet i denne einskilde saka.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at vedtak i MTK-sak 12/14 vert oppretthalde og klagene avvist. Saka vert sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Grunngevinga er at det ikkje har kome fram nye moment i saka som gir grunnlag for ei endra vurdering i høve vedtaket i MTK-sak 12/14, datert 28.01.2014.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Fosnavåg, 10.04.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Fellessekretariatet

Tømrer Service AS

Røysbakken 5
6100 VOLDA

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2014/36	34/504		FEL / BRB	30.01.2014

**MTK-SAK 12/14. TØMRER PROSJEKT AS - DISPENSASJON FRÅ PLANKRAV
VED ETABLERING AV TOMANNSBUSTAD PÅ GNR 34, BNR 503 OG 504**

Vedlagt følger 12/14.

Maritim og teknisk komite handsama saka i møte 28.01.2014 og gjorde slikt vedtak:

Maritim og teknisk komite vedtek i medhald av PBL §19-2 at det vert gjeve dispensasjon frå plankravet i kommuneplanens arealdel med sikte på oppføring av ein tomannsbustad med garasje på gnr 34, bnr 503 og 504 på Bernmarka i Herøy kommune.

Dispensasjonen er grunngjeven med at tomannsbustad vert definert som frittliggande småhus og tiltaket er med på underbygge god arealutnytting av eigedomen og det er i samsvar med nasjonale målsettingar om fortetting og meir konsentrert utbygging i sentrumsområde.

Med helsing

Brit Berge
e.f.

Kopi:

Bern Andre Huldal Bernmarka 11 6090 FOSNAVÅG
Hilde Marie Holmeset Bernmarka 7 6090 FOSNAVÅG



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	EFLÅ	Arkivsaknr:	2014/36
		Arkiv:	34/504

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
12/14	Maritim og teknisk komite	28.01.2014

TØMRER PROSJEKT AS - DISPENSASJON FRÅ PLANKRAV VED ETABLERING AV TOMANNSBUSTAD PÅ GNR 34, BNR 503 OG 504

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 28.01.2014

Maritim og teknisk komite vedtek i medhald av PBL §19-2 at det vert gjeve dispensasjon frå plankravet i kommuneplanens arealdel med sikte på oppføring av ein tomannsbustad med garasje på gnr 34, bnr 503 og 504 på Bernmarka i Herøy kommune.

Dispensasjonen er grunngjeven med at tomannsbustad vert definert som frittliggande småhus og tiltaket er med på underbygge god arealutnytting av eigedomen og det er i samsvar med nasjonale målsettingar om fortetting og meir konsentrert utbygging i sentrumsområde.

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite vedtek i medhald av PBL §19-2 at det vert gjeve dispensasjon frå plankravet i kommuneplanens arealdel med sikte på oppføring av ein tomannsbustad med garasje på gnr 34, bnr 503 og 504 på Bernmarka i Herøy kommune.

Dispensasjonen er grunngjeven med at tomannsbustad vert definert som frittliggande småhus og tiltaket er med på underbygge god arealutnytting av eigedomen og det er i samsvar med nasjonale målsettingar om fortetting og meir konsentrert utbygging i sentrumsområde.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Tømrer Service as, 6100 Volda
Bern-Andre Huldal, bernmarka 11, 6090 Fosnavåg
Hilde Marie Holmeset, bernmarka 7, 6090 Fosnavåg

Vedlegg:

- 1 Søknad, datert 18.09.2013
- 2 Situasjonsskart, 19.05.2013
- 3 kart avløp, 19.05.2013
- 4 Teikningar av tiltaket
- 5 Søkars skildring av tiltaket
- 6 Merknader til søknad
- 7 Søkars kommentarar til merknadane
- 8 Søknad om frådelling frå 1988
- 9 Vedtak TU-sak 155/88
- 10 Kart vegtilkomst/uttale frå anlegg-og driftsavdeling

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Tømrer Service as (TS) har, på vegna av Tømrer Prosjekt as (TP), med søknad datert 18.09.2013 søkt om dispensasjon frå plankravet og om løyve til å føre opp ein tomannsbustad på eigedomen 34/503 og 504.

Den aktuelle eigedomen ligg i eit område med plankrav og vart frådelt i 1988. I delingssaka frå 1988 vart det gjeve dispensasjon frå plankravet og tomte vart frådelt med tanke på bygging av ein bustad innan familien.

Søknad og søknadsprosessen:

Søknad vart innsendt 18.09.2013 og er komplett og klar til handsaming. Grunna stor saksmengd hjå utviklingsavdelinga vart det sendt ut førebels svar og saka vart sendt til uttale til AD vedr utvida bruk av eksisterande avkøyrslé inn mot kommunal veg.

Anlegg- og driftsavdelinga hadde ingen merknader til utvida bruk av eksisterande avkøyrslé mot kommunal veg.

Det er to merknader til søknaden, begge er tatt med i søknaden og kommentert av søkjar.

Ingen av merknadane er knytt til dispensasjon frå plankravet.

Vurdering :

Det omsøkte tiltaket (tomannsbustaden) skal byggast på ein eigedom som vart delt frå i 1988, jfr TU-sak 155/88, datert 25.10.1988. Tomte vart frådelt for bruk innanfor familien og etter kommunen sine opplysningar kan ein ikkje sjå at vegrett er tinglyst for tomte. Kommunen legg til grunn i si handsaming (jfr.rettsspraksis) at vegtilkomsten var

avklart på delingsstidpunktet. Med dette meiner kommunen at dersom det ikkje låg føre vegrett eller avtale om slik rett hadde ikkje tomte etablert etter at saka vart handsama i TU i 1988. Ein legg soleis til grunn at eigedomen har vegrett fram til offentlig veg. Vegrett er av privatrettsleg karakter og vert ikkje vidare kommentert her og eventuelle tvistar kring dette vert opp til partane å løyse.

Frå tidlegare handsaming er der heller ikkje føringar for kva hustype som kunne byggast på eigedomen. I dag spesifiserer ein ofte kva hustypar ein kan etablere på eigedomane gjennom reguleringsplanar. I eldre planar og område som ikkje er regulert legg kommunen til grunn fylkesmannen sine vurderingar der ein opnar opp for å etablere inntil to bueiningar på det som tidlegare har vore rekna som einebustadtomter (tomter av ein viss storleik).

Ein legg vidare til grunn vilkåra for å få frådelt tomt er på plass. Vilkåra for å opprette ein eigedom er at veg, vatn og avløp kan ordnast og at avtaler som sikrar dette er på plass.

Merknad til saka frå Bern Andre Huldal av 01.06.2013:

Han kjem med merknad til følgjande:

- Området er slik han ser det tiltenkt einebustadar, oppføring av tomannsbustad vil medføre mykje trafikk.
- Kan ikkje tillate vegtilkomst over 34/30, ulempe for eigedomane i området.
- Oppføring av fleirmannsbustad vil forringe verdien av eksisterande bustader, tar vekk utsikt og garasje kjem for nær tomtegrensa.

Kommunens sine kommentarar til merknaden:

- Oppføring av hus med to bueiningar kan utifrå tidlegare uttalelsar gitt av fylkesmannen likestillast med einebustad med sekundærleilighet (2 husholdningar). Omsøkt tiltak vert vurdert å vere innafør Fylkesmannen sine vurderingar.
 - Trafikkauken vert ikkje vesentleg større eller er av ein slik karakter at den vil verke særskilt negativt for området. Ein legg til grunn ein normal forventa trafikk i bustadområde, jf uttale frå anlegg- og driftavdelinga datert 11.11.2013.
 - Vegtilkomst for omsøkt eigedom vert vurdert gitt jfr. frådelingssaka jf TU-sak 155/88.
 - Omsøkt bygg ligg innanfor reglane til høgde i plan og bygningslov , jf § 29-4. Mindre byggverk kan med heimel i plan og bygningslova § 29-4 tredje ledd bokst. b (garasjebygg mindre enn 50m2) plasserast inntil 1,0m frå nabogrense.
-

Merknad til saka frå Hilde Holmset og Terje Huldal av 01.07.2013:

Dei kjem med følgjande merknader:

- Huset vert for høgt , dei vil miste kveldsol og utsikt.
- Tomannsbustad vil føre til auke i trafikk på den private vegen og innkøyinga vil kome i konflikt med gårdsplassen til 34/525.

Kommunen sine kommentarar til merknadane:

- Huset som vert oppført er i tråd med reglane i plan og bygningslova, jf § 29-4.
- Omsøkt tomt, som no er eigd av utbygger, har tilkomst over den private vegen. Ein legg til grunn at vegtilkomsten er vurdert og godkjend, jfr frådelingssaka frå 1988, TU-sak 155/88.
- Trafikkauken vert ikkje vesentleg større eller er av ein slik karakter at den vil verke særskilt negativt for området. Ein legg til grunn ein normal forventa trafikk i bustadområdet. Ser ein på kartet og situasjonsplan som følgjer med byggesaka er tenkt tilkomst til tomannsbustaden tilfredstillande både når det gjeld p-tilhøve og snumoglegheit.

Konklusjon:

Tomteutnyttinga som er presentert i søknaden datert 18.09.2013 gjev ein god arealutnytting av eigeidomen. Tomta er den siste som er att og som ikkje er bebygd i området. Veg er bygd fram og det er presentert ei løysing for tilkobling til offentleg avløp som er akseptabel. Dispensasjon frå plankravet i denne saka hindrar ikkje vidare utvikling i området.

Rådmannen rår til at det vert gjeve dispensasjon slik tilrådinga ligg føre.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen vesentlege konsekvensar for folkehelse.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen vesentlege konsekvensar for beredskap.

Konsekvensar for drift:

Ingen vesentlege konsekvensar for drift.

Fosnavåg, 15.01.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer

Fra Bern-André Huldal
Bernmarka 11
6090 FOSNAVÅG

Fosnavåg dato. 20.02.2014



Til Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 MOLDE

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2014/36	Saksbeh. EFA
21 FEB. 2014	
Ark. kode P 39/504	
Ark. kode S	
J. nr.	Dok. nr. 3
Kassasjon	

Klage på Vedtak av 28.01.14 i Maritim og Teknisk komite-Herøy Kommune, Fosnavåg. MTK-SAK 12/14. Tømrer Prosjekt AS- Dispensasjon frå plankrav ved etablering av Tomannsbustad på Gnr.34, Brn 503 og 504

Brev fra Herøy Kommune om vedtak, mottatt i post av meg 01.02.2014
Mine eigendommer er 34/506 -34/505 – 34/30

Er sterkt imot at her skal byggast en tomannsbustad på 34/503-504, har skrive merknader på dette til Tømrer Service AS/ Tømrer Prosjekt AS, når eg fikk nabovarsel. Har ikkje fått forståelse fra dei eller Herøy Kommune på merknader.

Denne tomt blei delt fra i 1988 til tidlegare eigar av tomta Bjørn Huldal for at han eller familien skulle bygge en enebolig der, det var dette eg skreiv under på i 1988. Sånn eg ser det har ikkje eg gitt Tømrer Prosjekt AS veitilkomst over min eigendom 34/30, og vil heller ikkje gi tinglyst veirett til dette prosjekt.

Eg eig på 2 sider av omsøkt prosjekt og ser at en tomannsbolig er til ulempe for mine eigendommer angående at i slike boliger er det stadig utskifting av eigere og stor trafikk. Mine eigendommer er ikkje et byggefelt men et privat og rolig område min familie har bygt på og slik blir det framover.

Ser av Snitt på omsøkt hus at det kjem til å bli høgt i terrenget. Grunnen blir hevet over 1 meter i forhold til eksisterende terreng + ei Mønehøgde på 6,8 m blir det over 8 meter i høgde i forhold til eksisterende terreng.
Dette blir til ulempe for min tomt som ligg bak denne tomt angående utsikt.

Ser av konklusjon fra kommunen at veg er bygt fram til tomta, dette er en veg min bror Terje Huldal og Hilde Holmeseth har bygt privat til sin eigendom 34/525 på min grunn 34/30 og denne vei er ikkje dimensjonert for meir trafikk.
Ellers skriv Kommunen at tomta er den siste som er att og som ikkje er bebygd i området, dette er feil, her er fleire.

Ut fra dette vil eg gå sterkt i mot at her blir bygd en 2 mannsbolig på tomt 34/503 -504. Håper på forståelse for mine meininger i saka, og at her ikkje blir bygd en 2 mannsbolig

Med vennlig hilsen
Bern-André Huldal

Bern-André Huldal

(5)

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkeshuset

6404 Molde

Terje Huldal

Bernmarka 7

6090 Fosnavåg

Eigar av Gnr.34,Bnr. 525

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2014/36	Saksbet. EHA
21 FEB. 2014	
Ark.kode P 34/504	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 4
Kassasjon	

Fosnavåg 20.02.14.

KLAGE PÅ VEDTAK FRÅ MARITIM OG TEKNISK KOMITE ANGÅANDE MTK-SAK 12/14.

Vi mottok brev frå Herøy kommune laurdag den 1. februar angående vedtak handsama i møte i maritim og teknisk komite 28.01.2014.

Vi har som nærmaste nabo sendt merknader til nabovarsel angående tiltak på GNR 34, BNR 503 og 504 i Herøy kommune. Desse merknadane vart ikkje imøtekommt verken av søkjar Tømrrer Service AS eller Herøy kommune.

Vi er imot at det skal byggast tomannsbustad på 503/504. I frådelingssaka frå 1988 var det tenkt bygging av einebustad innan familien Bjørn Huldal(tidlegare eigar).Derfor er vi ueinige i vedtaket.

Tomannsbustaden vil bli åtte meter høg over eksisterande terreng, og fører til at vi vil miste kveldssola om sommaren. Vi vil også miste utsikta mot Kleivalia.

I merknadane skreiv vi at ein tomannsbustad vil medføre stor trafikkmengde. Det er trangt og innkøyringa vil komme i konflikt med vår gårdsplass og eigedom.


Vi meiner at biler som skal inn på 503/504, spesielt større biler som lastebiler, må inn på vår eigedom/gårdsplass for å komme til.Om ein ser på kartutsnitt som er vedlagt vil ein sjå at dette vil skje. Dette kan vi ikkje godta.


Vegen frå Bernmarka til vår eigedom er ein privat veg som vi har bygd på 34/30.

Mvh. Terje Huldal/Hilde Holmeset


Eigarar av Gnr. 34, Bnr.525

Mail adr. hilde.m.holmeset@gmail.com




<p>Herøy kommune</p> <p>Grunnkart Målestokk: 1:500 Dato 17.06.2013</p> <p>10 m</p>	<p>Tiltakshavar / kunde: Tomrer Prosjekt as</p>	<p>Teikna dato/sign. 19.05.13</p>
	<p>Byggjeadresse: Huldalsvegen 6092 Fosnavåg</p>	<p>Revidert dato/sign.:</p>
	<p>Type teikning: Situasjonsplan</p>	<p>Målestokk 1: 500</p>
	<p>Teikninga tilhøyter:  TOMRERSERVICE AS</p>	


Kartopplysninger som kreves ved omsejning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen. Ellers står ikke kommunen ansvarlig.




FASADE 4



FASADE 1



FASADE 2



FASADE 3

REV.	DATE	REVISION	SKEN
A	29.07.13	rev./færdig	TJ




MESTERHUS
Tømmer Prosjekt AS

TILFASKAVNER: Tømmer Prosjekt AS
PROSJEKTVASS: Huldalsvegen
G-ARB: Herøy
KOMMUNE: Herøy

Unikus
Prosjekt 4104
4620 Bævre st. 73 52 51 20
E-mal: prosjekt@unikus.no

TEGN. INNHOLD: Fasader
PROSJEKT: 2-mannsbolig
TEGN. DATO: 28.05.13
TEGN: Tove
PROSJEKT NR: 130307
TEGN. NR: 09.02

TILFASKAVNER: U.A.
MÅL: 1 : 100



Areal BRA	pr.leilighet
Beskrivelse:	Areal:
1.Eiig	56,6 m ²
2.Eiig	56,6 m ²
	113,2 m ²

BRA total 1.Eiig 115,8 m²
BRA total 2.Eiig 115,8 m²

Areal BYA	pr.leilighet
	146 m ²
P-rom	109,8 m ²

⊗ R=Radonpunkt

ANMERKNINGER:

- Risikoklasse 4 / Brannklasse: 1
- Energipåkostning: U-verdier angitt i energidokumentasjon.
- Arealoppsett i tabell er i iht NS3940
- Arealer angitt i de enkelte rom er oppgitt som faktiske gulvareal.
- I rom under skrå helling kan deler av dette areal ha lavere takhøyde enn 2,4m
- L = LUKTRE / S = STÅLDØRER / SK = SKURLUST
- NTO = NETTOMÅL
- Innredninger og sanneutstyr vist på tegning kan reduseres hvis angitt i kontrakt.
- For symbolforklaringer, se leveringsbeskrivelse.
- Spørsmål om planer skal sendes til arkitekt og tak over 27°
- Boredele gjennom Dør og vindus innad i høyre for pr. eiig / leilighet og en brennende pr. leilighet.

REV	DATE	REVISJON	SKJEN

MESTERHUS
Tømmer Prosjekt AS







TILTAKSVAR Tømmer Prosjekt AS
BRØGGER-ASS Hudaalsvegen
KONTAKT: Herøy

Unikus
Prosjekt 104
3269 Bosa st 75 56 51 20
E-mail: 002@unikus.no

TEKN. TITEL: 2-mannsbolig
PROSJEKT
ADNOTERT

TEKN. TITEL: 1:100
PROSJEKT
ADNOTERT

DATE: 28.05.13
TEKN: Tove
PROSJEKT: 130307
TEGN: 09.01



Areal BRA	Areal:	Areal BYA
Beskrivelse:	42,9 m ²	48 m ²
Plan	42,9 m ²	

REV.	DATE	REVISJON	SICH


MESTERHUS
Tømmer Prosjekt AS

TILANSVARER	Tømmer Prosjekt AS
BRUGERKlasse	Hildeballevegen
C. nr/8. nr	
KOMMUNE	Hery


TEGN. INNHOLD	TEILKART	MAK.
PROSJEKT	Garasje	1 : 100
ARBETTER		
DATE	TEGN	PROSJEKT NR
14.03.13	Tove	190203
		TEGN. NR
		09.01


Unikus
Rudviks t.t. 101
Tromsøveien 10
8230 Osebrø
8230 Osebrø


B-B




A-A



Tilskudsbyr / lande: Tomter Projekt 48		Tekna dato/ sign. 19.05.13
Ejgdomsadresse: Huldalvejen 6092 Porsruvig		Revideret dato/ sign.:
Type relation: Sønt av sønt	Tilslutning: Tilslutning til høyre	Målestokk 1:100
 TOMMER SERVICE AS		



<p>Herøy kommune</p> <p>Grunnkart Målestokk: 1:500 Dato 17.06.2013</p>	<p>Tiltakshavar / kunde: Tomter Prosjekt as</p>	<p>Teikna dato / sign.: 19.05.13</p>
	<p>Byggjeadresse: Huldalsvegen 6092 Fosnavåg</p>	<p>Revidert dato / sign.:</p>
	<p>Type teikning: Situasjonsplan</p>	<p>Målestokk 1: 500</p>
	<p>Teikninga tilhøyter:</p> <p style="text-align: center;"> TOMTERSERVICE AS</p>	



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2014/217
		Arkiv:	20/9

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
50/14	Maritim og teknisk komite	29.04.2014

**OVE HENNING FRØYSTAD 20/9 - KLAGE PÅ VEDTAK I MTK-SAK 129/13
VEDK. AVSLAG PÅ DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ
FRÅDELING AV BUSTADTOMT.**

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite vedtek å imøtekomme klagen, datert 27.01.2014, frå Ove Henning Frøystad når det gjeld avslaget på dispensasjonssøknaden i MTK-sak 129/13 og gir med dette dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen med sikte på frådeling av ei bustadtomt på om lag 1,5 da frå gnr. 20 bnr. 9 på Frøystad i Herøy. Det vert samstundes gjeve samtykke til frådeling i medhald av § 12 i jordlova. Det er eit vilkår for dispensasjonen at kloakken frå tomta vert pumpa til og tilknytt offentleg avløpsleidning i tråd med opplysningar gjeve i klagebrevet.

Grunngjevinga for at klagen vert imøtekomen og det no vert gjeve dispensasjon er stadfestinga av at det vert etablert ei avløpsløyse som inneber at resipientforholda i området vil verte forbetra samt at sjølve tomta ikkje er til vesentleg ulempe for landbruksdrifta i området.

Ein gjer merksam på at dette er eit nytt enkeltvedtak som kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy

Herøy kommune, Anleggs- og driftsavdelinga, Postboks 274, 6099 Fosnavåg

Ove Henning Frøystad, Torvikvegen 8, 6095 Bølandet

Vedlegg:

MTK-sak 129/13 m/vedlegg.

Kopi av brev/klage, datert 27.01.2014, frå Ove Henning Frøystad.

Kopi av brev frå Herøy kommune til Landbrukskontoret og Anleggs- og driftsavdelinga, datert 31.01.2014.

Kopi av ny uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 04.03.2014.

Kopi av ny uttale frå Anleggs- og driftsavdelinga, datert 03.03.2014.

Saksopplysningar:**BAKGRUNN:**

Maritim og teknisk komite behandla i møte den 10.12.2013 (MTK-sak 129/13) ein dispensasjonssøknad frå Ove Henning Frøystad. Saka galdt dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen med sikte på frådelling av ei bustadtomt på om lag 1,5 da frå gnr. 20 bnr. 9 på Frøystad i Herøy. Mot 2 røyster gjorde Maritim og teknisk komite slikt vedtak i saka:

Maritim og teknisk komite vedtek i medhald av PBL § 19-2 at det ikkje vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen med sikte på frådelling av ei bustadtomt på om lag 1,5 da frå gnr. 20 bnr. 9 på Frøystad i Herøy.

Avslaget på dispensasjonssøknaden er grunngjeve med omsynet til kulturlandskapet, risiko for framtidige drifts- og miljømessige ulemper for landbruksdrifta i området og dårlege/usikre resipientforhold.

Vedtaket vart ekspedert til alle impliserte partar med brev av 18.12.2013. Ove Henning Frøystad har etter dette klaga på vedtaket med brev av 27.01.2014.

SØKNADEN OG SØKNADSPROSESSEN:

Dispensasjonssøknaden for det aktuelle tiltaket vart innsendt ved utfylt søknadsskjema, datert 24.09.2013. Saka vart der etter sendt på høyring med brev av 02.10.2013. Kommunen mottok i denne samanheng uttalar frå følgjande høyringsorgan:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Statens Vegvesen
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor
- Herøy kommune, Anleggs- og driftsavdelinga

Statens Vegvesen hadde ikkje vesentlege merknader til dispensasjonssøknaden medan Fylkeskommunen frårådde søknaden med basis i reint prinsipielle vurderingar, dvs. at arealdisponeringar som denne burde gjerast gjennom det pågåande kommuneplanarbeidet. Fylkesmannen og Landbrukskontoret var derimot svært klare i si fråråding av dispensasjon, dette av omsyn til både kulturlandskapet og landbruksdrifta i området. Anleggs- og driftsavdelinga frårådde dispensasjon med bakgrunn i dårlege resipientforhold.

Melding om vedtaket i MTK-sak 129/13 vart ekspedert til alle impliserte partar, her under Ove Henning Frøystad, med brev av 18.12.2013. Ronny Frøystad (son til søkjar) fekk etter forespørsel og på vegne av Ove Henning Frøystad utsett klagefristen til 31.01.2014. Ove Henning Frøystad har etter dette klagt på vedtaket. Klagen er datert 27.01.2014 og journalført den 29.01.2014.

KLAGEN:

Innleiingsvis viser Ove Henning Frøystad til at hans næraste nabo, Ole Bjørn Frøystad, som fortsatt driv landbruk i området, ikkje har merknad til at det vert frådelt ei bustadtomt på eigedomen. Når det gjeld kulturlandskapet vert det opplyst at steingarden mellom gnr. 20 bnr. 4, 6 og 9 vil verte bevart slik den ligg i dag.

Frøystad opplyser vidare at det som kloakkløysing er tenkt pumpeanlegg og tilknytning til den offentlege kloakkleidninga ved Frøystadkrysset. Dette anlegget skal også tilknyttast 2 andre bustadhus i området og på denne måten medverke til at resipientforholda vert vesentleg forbetra.

Frøystad viser også til at det tidlegare er gjeve løyve til frådeling av 3 bustadtomter på nabobruket (gnr. 20 bnr. 2) og at han opplever det som urimeleg at han får avslag på sin søknad. Han kan for sin del ikkje sjå dei negative konsekvensane som vert påpeika i saka når han tvert imot forbetrar situasjonen (kloakkforholda) i området.

Med tilvising til nokre av dei opplysningane som vart framsett i klagen, vart Landbrukskontoret og Anleggs- og driftsavdelinga bedne om å kome med ei evt. ny vurdering av saka. I oversendingsbrevet vart det også informert om at Ove Henning Frøystad pr. telefon har opplyst at det er eldste son hans, Frank Robert Frøystad, som er tiltenkt den omsøkte tomte og at det er meininga at han på sikt skal overta garden/bruket. Tilbakemelding frå Landbrukskontoret er motteke med brev av 04.03.2014 og Anleggs- og driftsavdelinga har gitt svar med notat av 03.03.2014. Dette vil ein elles kome attende til i det som følgjer nedanfor.

NY UTTALE FRÅ LANDBRUKSKONTORET AV 04.03.2014:

Den nye uttalen frå Landbrukskontoret er svært kort og avgrensar seg til å kommentere spørsmål omkring dei 3 frådelte bustadtomtene på nabobruket. Her vert det opplyst at dette skjedde i samband med at dåverande eigar av gnr. 20 bnr. 2 selde bruket som tilleggsjord til gnr. 20 bnr. 5. Det var sett som vilkår i salet at seljar skulle behalde 3 bustadtomter samt tunet på bruket. Etter Landbrukskontoret sitt syn er ikkje denne saka samanliknbar med søknaden til Ove Henning Frøystad. Det vert i uttalen halde fast på opprinneleg vurdering og konklusjon og frårådd at Frøystad får medhald i klagen sin.

NY UTTALE FRÅ ANLEGG- OG DRIFTSAVDELINGA 03.03.2014:

Basert på dei nye opplysningane om planlagt pumping av kloakken til offentleg kloakkleidning stiller Anleggs- og driftsavdelinga seg positiv til søknaden. Avdelinga kjem vidare med oppmoding om at det vert etablert ei framtidretta avløpsløysing som også kan nyttast ved evt. seinare utbyggingar i området.

Vurdering og konklusjon:

Vedtaket i MTK-sak 129/13 vart ekspedert med brev av 18.12.2013. Rådmannen viser vidare til at det vart gjeve utvida klagefrist til 31.01.2014. Klagen er datert 27.01.2014 og journalført i kommunen den 29.01.2014. Rådmannen konkluderar med at den innleverte klagen er rettidig, jfr. FVL § 29.

Då søknaden vart sendt på opprinneleg høyring vart det frå kommunen si side gjeve signal om at ein såg fordelane ved å gi dispensasjon som større enn ulempene. I utgreiinga til MTK-sak 129/13 konkluderte imidlertid rådmannen med at innspela frå høyringsorgana samla sett var av eit slikt omfang at det låg føre ei overvekt av argument som tala mot dispensasjon. Saka har i ettertid endra seg noko ved at Anleggs- og driftsavdelinga no stiller seg positiv til ein dispensasjon basert på den skisserte kloakkløysinga med pumping og tilknytning til offentleg kloakk.

I den nye uttalen kommenterar Landbrukskontoret berre spørsmål knytta til dei nemnde frådelingane på nabobruket, men held for øvrig framleis fast på sine tidlegare vurderingar som konkluderte med å fråå dispensasjonssøknaden. Ein har imidlertid etter dette drøfta saka i møte med Landbrukssjefen og i fellesskap konkludert med at det vil vere forsvarleg å tilrå dispensasjon samt gi naudsynte løyve i medhald av jordlova.

Rådmannen har vore noko i tvil i denne saka, men har etter ei samla vurdering og med tilvising til dei nye opplysningane om kloakkløysinga for tomta, kome til at klagen bør imøtekomast og at det vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen som opprinneleg omsøkt. Det vert elles tilrådd å stille vilkår om gjennomføring av den no skisserte kloakkløysinga som forutsetning for dispensasjonen. Til det Frøystad viser til i klagebrevet om semje med naboen (Ole Bjørn Frøystad) om den omsøkte frådelinga, kan berre nemnast at ein legg til grunn at vegretten som naboen har over gnr. 20 bnr. 9, vert oppretthalden, men understrekar for øvrig at dette er ei privatrettsleg sak.

Med tilvising til at rådmannen no tilrår å imøtekome klagen og å gi dispensasjon vert det samstundes tilrådd å gi samtykke til frådeling i medhald av jordlova § 12. Av opprinneleg uttale frå Landbrukskontoret går det fram at det ikkje er naudsynt å gjere vedtak etter jordlova § 9. Rådmannen gjer elles merksam på at eit vedtak i tråd med tilrådinga vil vere eit nytt enkeltvedtak med høve til klage for impliserte partar.

Fosnavåg, 21.03.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2013/1168
		Arkiv:	20/9

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
129/13	Maritim og teknisk komite	10.12.2013

**OVE HENNING FRØYSTAD 20/9 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ
KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ FRÅDELING AV BUSTADTOMT.**

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite vedtek i medhald av PBL § 19-2 at det ikkje vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen med sikte på frådeling av ei bustadtomt på om lag 1,5 da frå gnr. 20 bnr. 9 på Frøystad i Herøy.

Avslaget på dispensasjonssøknaden er grunngeve med omsynet til kulturlandskapet, risiko for framtidige drifts- og miljømessige ulemper for landbruksdrifta i området og dårlege/usikre resipientforhold.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart vedteken mot 2 røyster. H, Oddmund Voldsund og KrF Åse Alnes Kvalsvik røysta mot.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 10.12.2013

Maritim og teknisk komite vedtek i medhald av PBL § 19-2 at det ikkje vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen med sikte på frådeling av ei bustadtomt på om lag 1,5 da frå gnr. 20 bnr. 9 på Frøystad i Herøy.

Avslaget på dispensasjonssøknaden er grunngeve med omsynet til kulturlandskapet, risiko for framtidige drifts- og miljømessige ulemper for landbruksdrifta i området og dårlege/usikre resipientforhold.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens Vegvesen Region Midt, Fylkeshuset, 6404 Molde
Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy
Herøy kommune, Anleggs- og driftsavdelinga, Postboks 274, 6099 Fosnavåg
Ove Henning Frøystad, 6095 Bølandet
Frank Robert Frøystad, Solbergvegen 1, 6095 Bølandet

Vedlegg:

Kopi av dispensasjonssøknad frå Ove Henning Frøystad, datert 24.09.2013.

Kopi av delesøknad frå Ove Henning Frøystad, datert 24.09.2013.

Kopi av uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 12.11.2013.

Kopi av uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, datert 14.11.2013.

Kopi av uttale frå Statens Vegvesen, datert 22.10.2013.

Kopi av uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 22.11.2013.

Kopi av uttale frå Anleggs- og driftsavdelinga, datert 24.10.2013

Utsnitt av ortofoto i M 1:1500 som viser omsøkt frådelling.

Utsnitt av kommuneplanen i M 1:30000 med påført lokalisering av tiltaket.

Saksopplysningar:**BAKGRUNN:**

Ove Henning Frøystad har med utfylt søknadsskjema, datert 24.09.2013, søkt om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på å dele frå ei bustadtomt frå gnr. 20 bnr. 9 på Frøystad i Herøy. Vedlagt følgjer også utfylt søknad om deling av grunneigedom av same dato. Søknaden vart sendt på høyring med brev av 02.10.2013. Ein har no motteke uttale frå alle tilskrivne høyringspartar og saka er med det klar for politisk sluttbehandling.

SØKNADEN OG SØKNADSPROESSEN:

Det omsøkte arealet er på om lag 1,5 da og ligg om lag rett sør for krysset mellom FV 654 og FV 16 på Frøystad. Tilkomsten til bustadtomta vil gå via privat veg med tilknytning til FV 16. Som grunngjeving peikar søkjar på at han ser det som positivt at sonen med familie kan få høve til å busetje seg på garden.

Basert på opplysningar frå Landbrukskontoret har bruket eit totalareal på 109,1 da. Samla innmarksareal er på 30,8 da, der 29,3 da av dette er fulldyrka og resten er innmarksbeite. Skogarealet er på 16,2 da og anna areal utgjer 62,1 da.

Det ligg føre uttalar frå følgjande høyringsorgan:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Statens Vegvesen
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor
- Herøy kommune, Anleggs- og driftsavdelinga

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 12.11.2013

Fylkesmannen viser til at den omsøkte tomta ligg i eit jordbrukslandskap. Sjølv om tomta vert liggande på udyrka jord vil den likevel kunne bidra til «fragmentering» og skape press om vidare utbygging i jordbrukslandskapet. Fylkesmannen rår frå at ein

på denne måten nyttar jordbrukslandskapet til byggeformål. Nye bustader utan tilknytning til gardsdrift bør etter Fylkesmannen sitt syn lokaliserast til område som er sett av til busetjing i godkjende planar.

Uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune av 14.11.2013

Fylkeskommunen viser innleiingsvis til at tomta ligg i eit område prega av tradisjonelt kulturlandskap, men at den ligg i utkanten og vert lite dominerande i miljøet. Det vert imidlertid peika på at evt. kulturminne frå bruk av kulturlandskapet i området bør så langt mogleg takast vare på sjølv om tomta vert utbygt.

Når det gjeld dei planfaglege vurderingane viser Fylkeskommunen til at kommunen er i ferd med å slutføre framlegg til ny arealplan og at det no er på tide å avvente slike einskildsaker som her omsøkt til dei store linene er avklara gjennom kommuneplanarbeidet.

Sjølv om denne konkrete saka ikkje er spesielt problematisk så meiner Fylkeskommunen at ein må vurdere den med basis i summen av tiltak. Med utgangspunkt i ei slik vinkling er det Fylkeskommunen sitt syn at Herøy kommune no har eit omfang av dispensasjonssaker som er så pass stort at det kan true «nasjonale og regionale interesser» i arealplanlegginga.

Uttale frå Statens Vegvesen av 22.10.2013

I høve til arealbruken har ikkje Statens Vegvesen merknader til at det vert dispensert frå kommuneplanen som omsøkt, men det vert presisert at utvida bruk av avkøyrsla frå fylkesvegen må vurderast og avklarast på grunnlag av eigen søknad.

Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor av 22.11.2013

I uttalen frå Landbrukskontoret vert det vist til at eigedomen i dag har både våningshus og kårhus. Ut over dette er det også frådelt 2 tomter som «fragmenterar» eigedomen. Ei av desse sistnemnde tomtene er bebygt, den andre er ubebygt.

Etter landbrukskontoret sitt syn talar omsynet til så vel kulturlandskapet som landbruksdrifta imot at det vert gjeve løyve til ytterlegare frådelingar i området. Med ei lokalisering på Frøystad kan heller ikkje spørsmålet knytta til evt. behov for å styrke busetjinga tilleggast vekt. Landbrukskontoret frårår dispensasjon med tilvising til at det ikkje ligg føre overvekt av argument som talar for å tilrå søknaden.

Reint formelt opplyser Landbrukskontoret at søknaden ikkje treng vedtak etter jordlova § 9, men berre etter jordlova § 12. Det har vidare vore spørsmål om ein vegrett som gnr. 20 bnr. 7 har over eigedomen. Søkjar har opplyst at det ikkje vil by på noko problem å ivareta denne vegretten.

Uttale frå Anleggs- og driftsavdelinga av 24.10.2013

Anleggs- og driftsavdelinga uttalar at den aktuelle tomte ligg i eit område med dårlege resipientforhold der det pr. dato ikkje er tilrådeleg å tilføre meir kloakkvatn. Avdelinga vil på dette grunnlag frårå etablering av nye bustader i området før det ligg føre ein plan på korleis avløpsproblematikken er tenkt løyst.

Vurdering og konklusjon:

Det omsøkte arealet ligg om lag rett sør for krysset mellom FV 654 og FV 16 på Frøystad. Tilkomsten til bustadtomta vil gå via privat veg med tilknytning til FV 16. Tiltaket ligg elles i område som i kommuneplanen er avsett til LNF-formål og ei frådelling vil såleis vere avhengig av ein dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen. I tillegg til dette må det vidare gjevast samtykke til frådelling etter jordlova § 12. Evt. vedtak i medhald av § 9 i jordlova vil i følgje Landbrukskontoret ikkje vere naudsynt.

4 av dei 5 uttaleorgana er negative til dispensasjonssøknaden. Frå Fylkesmannen og Landbrukskontoret vert dette i hovudsak grunngjeve ut frå omsynet til kulturlandskapet og risiko for framtidige drifts- og miljømessige ulemper for landbruksdrifta i området medan Fylkeskommunen sine innvendingar er av meir prinsipiell karakter.

Uttalen frå Anleggs- og driftsavdelinga indikerar at det må stillast spørsmål omkring resipientkapasiteten i området og om tiltaket såleis vil kunne utsette økosystemet for ei urimeleg samla belastning, jfr. prinsippa i naturmangfaldslova.

Med tilvising til uttalen frå Fylkeskommunen vil ein frå kommunen si side stadfeste at ein sjølv sagt er innforstått med at prinsipielle forhold knytta til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging samt omsynet til moglege presedensverknader av vedtak må tilleggast vekt, men finn likevel å måtte understreke at kvar søknad har krav på ei konkret vurdering. At kommuneplanen er under rullering og at kommunen samla sett har «for mange» dispensasjonssaker kan ikkje åleine nyttast som avgjerande argument mot ein einskildsøknad.

Når det er sagt vil imidlertid rådmannen konkludere med at innspela frå høyringsorgana samla sett av eit slikt omfang at det ligg føre ei overvekt av argument som talar mot å gi dispensasjon.

Konsekvensar for folkehelse:

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for folkehelsa uansett utfall av saka.

Konsekvensar for beredskap:

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for beredskapen i området.

Konsekvensar for drift:

Det omsøkte tiltaket vert heller ikkje vurdert til å ha særskilde driftskonsekvensar.

Fosnavåg, 25.11.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten

Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:
Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:

Motteke:

Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).

Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom:

Gnr.

20

Bnr.

9

Festenr.

Kort omtale av tiltaket:

FRÅDELING AV BUSTAD TOMT OG VEI

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

DISPENSASJON FRÅ AREALFORMÅLET I KOMMUNEPLANEN, JFR
PBL § 19-2

Grunngjeving:

